

# RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING

GRUNNLAG FOR PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON AV VERKSEMDA I KOMMUNEN  
2020-2023

GISKE KOMMUNE

## **Møre og Romsdal Revisjon SA**

Møre og Romsdal Revisjon SA er eit samvirkeføretak eigd av Aukra kommune, Aure kommune, Averøy kommune, Fjord kommune, Giske kommune, Gjemnes kommune, Hustadvika kommune, Kristiansund kommune, Molde kommune, Rauma kommune, Rindal kommune, Smøla kommune, Stranda kommune, Sula kommune, Sunndal kommune, Surnadal kommune, Sykkylven kommune, Tingvoll kommune, Vestnes kommune, Ålesund kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune.

Selskapet utfører rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll for eigarkommunane. Hovudkontoret ligg i Kristiansund med avdelingskontor i Molde og Ålesund. Ved etablering hadde selskapet 26 tilsette.

## FORORD

Møre og Romsdal Revisjon SA har i tråd med tidlegare praksis (Komrev3 IKS), og etter avtale med Sunnmøre Kontrollutvalssekretariat IKS, gjennomført risiko og vesentlegvurdering av verksemda i kommunen. Dette er meint som grunnlag for utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon (FR).

Dette dokumentet summerer opp resultata frå vår gjennomgang av verksemda i kommunen for å identifisere risikoforhold som kan danne grunnlag for gjennomføring av forvaltningsrevisjon.

I avsn. 1.2 blir det vist korleis vi har forsøkt å antyde risikonivå. Det er ikkje enkelt å dele opp vurderingane i tabellar slik det er gjort her, og det blir subjektivt kor vesentleg noko er. Fargebruken er difor heller ikkje nødvendigvis heilt konsistent. Hovudføremålet har uansett vore å forsøke å få fram opplysningar og innspel til dei vurderingar som Kontrollutvalssekretariatet og Kontrollutvalet skal gjere.

Ålesund, 18.08.2020

**INNHOLD**

<b>1 Innleiing .....</b>	<b>6</b>
1.1 Forvaltningsrevisjon.....	6
1.2 Risiko og vesentlegvurdering (ROV).....	7
1.3 Kvalitetsstyring og internkontroll.....	8
1.4 Det kommunale plansystemet.....	8
1.5 Kjelder .....	9
<b>2 Kort om Giske kommune.....</b>	<b>10</b>
2.1 Politisk organisering .....	10
2.2 Administrativ organisering.....	11
2.3 Mål.....	11
2.3 Økonomi og økonomiske nøkkeltal .....	12
<b>3 Kommunale tenester – sektorovergripande område.....</b>	<b>14</b>
3.1 Intern kontroll og system for avvik .....	14
3.2 Openhet og innsyn.....	15
3.3 Arkiv og dokumentasjon .....	16
3.4 Digitalisering.....	16
3.5 Saksbehandling.....	17
3.6 Offentlege innkjøp.....	18
3.7 Offentleg støtte.....	18
3.8 Etikk og varsling .....	19
3.9 Informasjonssikkerheit og personvern .....	20
3.10 Arbeidsmiljø og kompetanse .....	21
3.11 Samfunnssikkerheit og beredskap.....	22
<b>4 Kommunale tenester - sektorer .....</b>	<b>23</b>
4.1 Barnehage .....	23
4.2 Grunnskule .....	24
4.3 Helse .....	26
4.5 Barnevern .....	27
4.6 Pleie og omsorg .....	28
4.7 Psykisk helse og rus .....	29
4.8 NAV .....	30
4.9 Kultur.....	31
4.10 Teknisk .....	31
4.11 Miljø .....	34
<b>5 Vedlegg .....</b>	<b>36</b>

Statistikk og nøkkeltal .....	36
Befolkning, befolkningsendring og befolkningsutvikling .....	36
SSB - KOSTRA .....	38
kjelder .....	43

## 1 INNLEIING

### 1.1 FORVALTNINGSREVISJON

Jf. Lov om kommunar og fylkeskommunar av 22.06.2018 § 23-2 skal kontrollutvalet som sjå til at det blir utført forvaltningsrevisjon av verksemda i kommunen og i selskap som kommunen har eigarinteresser i. Kontrollutvalet skal også sjå til at det blir ført kontroll med forvaltinga av kommunen sine eigarinteresser i selskap mv. Dette blir omtala som eigarskapskontroll.

#### Plan for forvaltningsrevisjon

I kommunelova § 23-3, 2. og 3. ledd går det fram følgende om plan for forvaltningsrevisjon:

*Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.*

*Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan deleger til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.*

#### Forvaltningsrevisjon

Forvaltningsrevisjon er ein del av kommunen sin eigenkontroll, og kommunestyret sin kontroll med forvaltinga i kommunen. Forvaltningsrevisjonen har som rolle å undersøke om kommunen si verksemd skjer i tråd med gjeldande lover og regler og kommunen sine eigne planer og vedtak. Fokus kan og rettes mot effektivitet og kvalitet i produksjonen av velferd for kommunens innbyggjarar.

Forvaltningsrevisjon vert definert slik i kommunelova §23-3, 1.ledd:

*Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.*

Gjennom forvaltningsrevisjon kan kontrollutvalet:

- Synleggjere muligheter til økt produktivitet og måloppnåing
- Få fram styringsinformasjon til avgjersletakarane i kommunen
- Bidra til læring og forbetring i organisasjonen
- Bidra til kommunen sin eigenkontroll

#### Plan for eigarskapskontroll

Eigarskapskontroll blir definert slik i §23-4:

*Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.*

Plan for eigarskapskontroll skal vere basert på ei eiga ROV av kommunen sitt eigarskap. Dette dokumentet inneheld ikkje ei slik vurdering, men dette blir å kome attende til i eige dokument etter avtale med KU-sekretariatet. Eventuelle planlagde forvaltningsrevisjonar av kommunale selskap skal no innarbeidast i plan for forvaltningsrevisjon. Tidlegare gjekk desse fram i det som heitte «Plan for selskapskontroll». Vi har forstått det slik at det er ønskeleg å innarbeide slike planlagde revisjonar i plan for forvaltningsrevisjon i etterkant når ROV for kommunen sitt eigarskap ligg føre.

## 1.2 RISIKO OG VESENTLEGVURDERING (ROV)

Det er rimeleg at ei ROV, som igjen skal ligge til grunn for plan for forvaltningsrevision, tek utgangspunkt i anerkjent teori og metode. Vi legg til grunn det såkalla COSO<sup>1</sup>-rammeverka som er utarbeidd med tanke på leiing og styring i alle typar verksemder, og som kan brukast både i privat og offentleg sektor. Desse rammeverka har fått som status som beskriving av beste praksis på området risiko- og risikostyring.<sup>1</sup>

Med risiko forstår vi faren for at det kan oppstå avvik/hendingar i høve til dømes regelverk, mål, vedtak og andre føringar. Kontrollutvalet må ut frå skjøn vurdere dei ulike områda (hendingane) opp mot kvarandre og avgjere kva som er dei mest vesentlege.

Risikovurderingane er knytt til:

- Vurdering av kor sannsynleg det er at risikofaktoren inntreff
- Vurdering av konsekvens dersom risikofaktor inntreff

I risikovurderingane blir det teke omsyn til eventuelle tiltak som leiinga i kommunen har sett i verk for å redusere at risikofaktoren skal inntreffe og redusere konsekvensen dersom risikofaktoren inntreff.

Vi bruker farger for å antyde eit risikonivå. Fargene som blir nytta er grøn (lav), gul (middels) og raud (høg). Vi har vidare valt å bruke ein tabell der valde risikofaktorar blir vurdert i høve sannsynlegheit og konsekvens. Tabellen som blir nytta i rapporten er:

Risikofaktorar	Bakgrunn for risikovurdering		Risiko-vurdering L = lav M = medium H = høg		Risikonivå
	Sannsynlegheit for at risikofaktor inntreff	Konsekvens om risikofaktor inntreff	Sannsynlegheit	Konsekvens	
<b>Område</b>					
			M	H	
<b>Teneste</b>					
			L	M	
<b>Oppgåve</b>					
			L	L	

Risiko er at det skjer noko som gjer at kommunen ikkje når sine målsetnader. Risikofaktorar er mulige hendingar som kan gjer til at kommunen ikkje når sine målsetnader. Analysen set opp risikofaktorar som er vesentlege for om kommunen når sine mål.

Konsekvensane kan ha følger for eigen verksemd i kommunen og/ eller innbyggjarane i kommunen. Det vil alltid vere ei viss risiko for at kommunen ikkje når sine mål, men mykje av denne risikoen har både lav sannsynlegheit og lav konsekvens.

<sup>1</sup> COSO-Committee of Sponsoring Organizations of Treadway Commission.

Som nemnt i forordet er det ikkje lett å låse vurderingane i ein slik forenkla tabell. Fargebruken vil difor ikkje nødvendigvis vere heilt konsistent gjennom dokumentet.

### 1.3 KVALITETSSTYRING OG INTERNKONTROLL

Kommunedirektøren har eit ansvar for å etablere og følge opp at kommunen har eit tilfredsstillande internkontrollsysteem. Dette skal gjerast gjennom system og rutinar for å sikre tilstrekkeleg styring, måloppnåing og etterleiving av reglar.

Giske kommune har etablert eit elektronisk avviks-system levert av Compilo.

I COSO-modellen er risiko og vesentlegvurdering ein integrert del. Internkontroll er her å forstå som ein kontinuerleg prosess i organisasjonen. COSO er mellom anna omtalt i KS: *Rådmannens internkontroll, Hvordan få orden i eget hus?*:

COSO-rammeverket er sett saman av tre målsetnader og fem komponentar. Desse blir knytt opp til ulike arbeidsprosessar i verksemda.

Dei tre målsetnadane definerer internkontrollen sitt virkeområde(r):

- Målretta og kostnadseffektiv drift
- Påliteleg rekneskapsrapportering
- Halde lover og regler

Dei fem komponentane representerer rammeverket sin arbeidsmetodikk:


- Kontrollmiljø
- Risikovurderingar
- Kontrollaktiviteter
- Informasjon og kommunikasjon
- Leiingsmesseg oppfølging og overvaking

Komponentane fortel kva som bør leggast vekt på og korleis ein kan gå fram for å sikre god internkontroll over arbeidsprosessane.

### 1.4 DET KOMMUNALE PLANSYSTEMET

Kommunar har ulike styringsdokument som blir nytta til å planlegge, utarbeide tiltak, og for å evaluere verksemda og tenesteytinga. Kommunane er pålagde gjennom lov å utarbeide ein samordna plan for kommunen si verksemad og ei kontinuerleg planlegging og samordning av kommunen si fysiske, økonomiske og kulturelle utvikling. For å tilfredsstille krav i lova er det i samband med kommuneplanarbeidet utvikla eit eige plansystem. Dette slik at kommunestyret skal kunne ha eit styringsverktøy som på bakgrunn av oppnådde resultat (årsmelding) gir grunnlag for å kunne styre kommunen i ei ønska retning.

Handlingsprogrammet vil vise korleis fagområda skal følge opp kommuneplanen og er konkretisert med kortsiktige periodemål basert på dei langsiktige måla i kommuneplanen. I tillegg skal økonomiplanen vise korleis kommunen skal følge opp planstrategien med endelig prioritering av når planoppgåvene skal gjerast og tildeling av ressursar.



Figur: Kommunal planstrategi i det kommunale plansystemet  
Kjelde: Miljøverndepartementet sin rettleiar i planstrategi

Årshjulprosessen handlar om korleis arbeidet med dei ulike plandokument og prosessar skal fasast inn i høve til kvarandre. Dette kan vere i forhold til ulike rapporteringar og i forhold til politisk behandling gjennom kalenderåret. Hensikta er å sikre at ulike prosessar blir gjennomført effektivt og til rett tid.

## 1.5 KJELDER

I tillegg til å ha gått gjennom ei rekke skriftlege kjelder og statistikk mv (sjå oversyn i eige vedlegg), er det gjennomført:

- Dialogmøte med kontrollutvalet
- Møte med kontrollutvalssekretær
- Intervju med rådmann
- Spørjeundersøking til formannskapet
- Spørjeundersøking til einingsleiarar

## 2 KORT OM GISKE KOMMUNE

Det var 8 462 innbyggjarar i Giske kommune 01.01.2020.


I åsmeldinga for 2019 går det fram det var 638 tilsette fordelt på 496 årsverk

På heimesida til kommunen er det delt i følgande tenesteområde:

- Skule og barnehage
- Helse og levekår
- Teknisk
- NAV-tenester
- Kultur og fritid
- Næringsliv og arbeid

SSB har følgande oversikt over korleis utgiftene i Giske kommune fordelte seg:

### Utgifter etter utvalgte områder. 2019




### 2.1 POLITISK ORGANISERING

Kommunestyret består av 23 representantar, og er det øvste organet i kommunen. Formannskapet består av 7 representantar og har også funksjonar som m.a. kommuneplanutval, næringsutval og valstyre. Det er i tillegg 3 komitear med 7 medlemmar kvar: Komité for oppvekst og kultur, komité for helse og omsorg, og komité for miljø og tekniske saker. Kontrollutvalet har 5 medlemmar. Det er i tillegg fleire råd og utval rådet for funksjonshemma, eldrerådet og vilt- og namnenemnda.

Det er utarbeidd eigne reglement for kommunestyret, formannskapet og dei politiske utvala. Det er og utarbeidd delegasjonsreglement som nyleg er revidert. Reglementa gir reglar og oversyn over ansvarsområde og mynde til å gjere vedtak.

## 2.2 ADMINISTRATIV ORGANISERING

Giske kommune er organisert med kommunedirektøren som øvste administrative leiar. Med seg i leiargruppa har rådmannen med seg ass. Kommunedirektør og kommunalsjef. I tillegg til stab og teknisk eining det 13 einingar med delegert mynde til kvar einingsleiar.



Kjelde: giske.kommune.no

## 2.3 MÅL

Kommuneplanen for 2014-2026 gir dei følgande satsingsområda:

- vere ein god plass å bu – der alle vil bu
  - o Giske kommune skal ha gode, varierte og trygge buminiljø

- ha gode levekår
  - o Giske kommune skal ha ei aktiv og frisk befolkning
  - o Giske kommune skal ha gode og effektive kommunale tenester
  - o Giske kommune skal ha barnehagar og skular med høg kvalitet og med høg kompetanse blant tilsette
  - o Giske kommune skal ha varierte og tilpassa helse- og omsorgstenester
- vere ein god næringskommune
  - o Giske kommune skal vere ein aktiv medspelar overfor eksisterande næringsliv og legge til rette for etablering av nye bedrifter og næringar
  - o Giske kommune skal ha gode kommunikasjonar internt og til resten av regionen
- ha eit rikt kulturliv
  - o Giske skal vere ein god, variert og attraktiv kulturkommune, med tilbod til alle aldersgrupper og med fasilitetar som kan tilpassast dei enkelte aktivitetane.

Økonomiplanen er kommuneplanen sin handlingsdel. Under punkt 3 i økonomiplan 2020-2023 går det fram at det overordna målet for perioden er å sikre god økonomisk styring og kontroll.

I årsmeldinga for 2019 orienterer kommunedirektøren om kva ein har gjort for å arbeide med satsingsområda i Kommuneplanen.

### 2.3 ØKONOMI OG ØKONOMISKE NØKKELTAL

KOSTRA (KOmmune-STat-RApportering) er eit nasjonalt informasjonssystem som gir styringsinformasjon om kommunal verksemd. Informasjonen om kommunale tenester og bruk av ressursar på ulike tenesteområde blir registrert og stilt saman for å gi relevant informasjon til styrande organ både nasjonalt og lokalt. Informasjonen skal gi betre grunnlag for analyse, planlegging og styring, og mellom anna gi grunnlag for å vurdere om nasjonale mål blir nådd.

Under følger nøkkeltal for kommunen henta frå KOSTRA.

Nøkkeltall	Enhet	Giske				Kostra-gruppe 10 2019	Landet uten Oslo 2019
		2016	2017	2018	2019		
Netto driftresultat i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	prosent	1	2,3	-0,5	-1	-0,2	1,5
Årets mindre/merforbruk i driftsregnskapet i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	prosent	0,2	0,6	0,1	-0,6	0,8	1,1
Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	prosent	29,2	31,5	29,3	24,1	21,7	20,6
Netto renteeksponering i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	prosent	125,2	116,7	112,5	112,8	57,1	48
Langsiktig gjeld ex pensjonsforpliktelser i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	prosent	174,2	167,6	165,5	160,5	116,1	111
Frie inntekter per innbygger (kr)	kr	51 794	52 468	53 340	56 166	55 926	57 316
Fri egenkapital drift i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	prosent	3,5	-0,7	-1,3	-1,8	9	12
Brutto investeringsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	prosent	10,9	7	9	10,6	17,3	16,2
Egenfinansiering av investeringene i prosent av totale brutto investeringer (prosent)	prosent	19,2	41,7	11,6	10	38,5	33,8

Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter blir brukt som mål på kommunen sin handlefridom, og er ein viktig indikator på om det er økonomisk balanse i kommunen. Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi rår til at nivået på driftsresultatet bør vere 1,75 % av brutto driftsinntekter over tid samla for kommunal sektor. Gjennomsnittet for Giske dei siste 4 åra er 0,45%.

Det går vidare fram at lånegjelda til kommunen er relativt høg.

Kommunen har eit økonomireglement i papirversjon som er datert 12.08.2010. Det er likevel ikkje handsama politisk i 2010, og er sannsynlegvis ein del eldre enn dateringa. Det er no utarbeidd eit utkast til reglement som skal leggjast fram til kommunestyret i løpet av hausten.

Gjelds og finansreglementet er oppdatert i desember 2017. Jf ny *Forskrift om garantier og finans- og gjeldsforvaltning i kommuner og fylkeskommuner* skal både reglement og rutinar framleis bli kvalitetssikra av ekstern instans. Vi har kvalitetssikra det gjeldande reglementet, men det ligg det ikkje føre skriftlege rutinar på dette området som er kvalitetssikra. Utkast til dette er utarbeidd, og vil og bli lagt fram til politisk handsaming i haust.

Jf. krav i ny kommunelov har Giske kommune vedteke eigne finansielle måltall. I tabellen under er desse presentert, med ei kolonne der resultatet for 2019 i KOSTRA går fram.

	Måltal	KOSTRA 2019
Netto driftsresultat i % av driftsinntekter	Minst 3-5%	-1 %
Disposisjonsfond i % av driftsinntekter	Minst 5-10%	0,4 %
Netto finansutgifter i % av driftsinntekter	Maks 2-3%	4%*
Netto lånegjeld i % av driftsinntekter	Maks 100%	142,4 %
Avvik frå budsjett	Maks 0,5-1%	-0,6%**

\*KOSTRA-Netto renter, \*\*KOSTRA-Årets merforbruk

Det blir etter vår vurdering utarbeidd relativt grundige rapporteringar innan økonomi/finans til formannskap og kommunestyre.

I forvaltningsrevisjon om «*Investeringsprosjekt i Giske kommune*» gjennomført i 2019/2020 vart det likevel peika på eit forbetringspotensiale ved tilråding om at

*Vår vurdering er at alle investeringsprosjekt over eit gitt nivå bør ha ein sluttrekneskap. Kommunen bør utarbeide eit standard oppsett for prosjektrekneskap som muliggjer ei overordna og samla oppfølging av prosjektøkonomien.*

I spørjeundersøkinga til formannskap kom det fram at økonomi vart sett på som den største utfordringa framover, og at eit mogleg tema til forv.rev. kunne vere å sjå nærmare på økonomi – budsjettoppfølging (og verktøy til dette), realismen i budsjetteringa, opplæring av og rapportering frå einingsleiarar mv.

## 3 KOMMUNALE TENESTER – SEKTOROVERGRIPANDE OMRÅDE

### 3.1 INTERN KONTROLL OG SYSTEM FOR AVVIK

Innhaldet i internkontrollen i kommunane er løfta frem i den nye kommuneloven kapittel 25. Dei nye internkontrollreglane skal i loven og ny forskrift erstatte kommuneplikta i særlovgiving som gjeld i dag. Det er sett i gang eigen prosess med sikte på å oppheve eller endre internkontrollkrav i særlovgivinga. Dei nye reglane om internkontroll i kommunelova trer i kraft når dette er klart. Fram til kapittel 25 trer i kraft gjeld følgande overgangsreglar jf. § 31-3:

- Kommunedirektøren skal sørge for at administrasjonen er gjenstand for betryggende kontroll.*
- I årsberetningen skal det redegjøres for tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre betryggende kontroll med virksomheten.*
- Kommunedirektøren skal rapportere til kommunestyret og fylkestinget om resultater fra statlig tilsyn minst én gang i året.*

Kommunedirektøren har ansvar for å etablere og følge opp at kommunen har eit tilfredsstillande internkontrollsysteem. Dette skal gjerast gjennom system og rutinar for å sikre tilstrekkeleg styring, måloppnåing og regeletterleving. Risikostyring og internkontroll skal være ein integrert del av ei heilskapleg verksemdstyring.

Giske kommune nyttar avvikssystemet Compilo.

I årsrapport 2019 blir det rapportert følgande om internkontroll:

«Giske kommune har eit overordna internkontrollsysteem og arbeider med kontinuerlig forbeting på dagsorden.»

I månadsrapport for mars 2020 går det fram:

«Giske kommune har ikkje eit heilheitleg kvalitet og internkontrollsysteem. Per i dag er det opp til kvar eining korleis dei handterer arbeidet knytt til kvalitet og internkontroll. Rådmannen vil ha fokus på forbeting av kvalitet og internkontroll, men dette arbeidet vil ta tid, arbeid med rutiner knytt til GDPR er satt i gang og protokoll er planlagt ferdig ved utgangen av 1. halvår. Innan dei tekniske faga er ein godt i gang med LEAN – prosjektet og etablering av prosessar for å forbete prosjektgjennomføringa»

Ut frå tilbakemeldingar frå einingsleiarar til oss blir Compilo brukt. Statistikken viser og ei auke i registrerte avvik dei siste åra, noko som tyder på at det har vore ei auke i bruken av systemet.

Årsmeldinga er etter vår vurdering god mtp rapportering av måloppnåing på tenesteområda. Dei overordna måla blir minna om og status for konkrete målsettingar blir kommentert i tabellar.

#### RISIKOVURDERING INTERNKONTROLL OG AVVIKSSYSTEM

Riskofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Internkontrollen er ikkje tilfredsstillande	Kommunen har eit internkontrollsysteem, men kommunedirektøren meldte i årsrapporter at det ikkje er eit heilhetleg kvalitet- og internkontrollsysteem. Det blir arbeidd med forbete systemet.	Innbryggerne kan få for dårlige tenester eller ikkje få tenester dei har krav på. Kommunen kan få svekka omdøme.	M	M	

Avvikssystem er ikke tilfredsstillende	Kommunen har eit elektronisk system der overordna rutinar, etiske retningslinjer og permisjonsreglement mv. ligg tilgjengelig for tilsette. Giske kommune har eit avvikssystem og har rutine på å rette opp avvik etter kvart. Det blir arbeidd med å få på plass eit heilhetleg kvalitets- og internkontrollsysteem.	Feil blir ikkje retta. Kommunen lærer ikkje av sine feil.	M	M	
--	---	---	---	---	--

### 3.2 OPENHET OG INNSYN

Openheit og innsyn er sentrale føresetnadar for eit fungerande demokrati. Offentleglova og kommunelova sine regler om møteoffentlegheit skal legge til rette for at kommunane si verksemder er open og gjennomsiktig. På den måten blir informasjons- og ytringsfridomen, den demokratiske deltakinga, rettssikkerheita for den enkelte og allmenta sin kontroll sikra.

Giske kommune si heimeside er relativt ny. Kontaktinformasjon ved behov for tenester og ved behov for kontakt med politikarar eller andre er relativt lett tilgjengeleg.

Alle sakspapir til politiske møte (med vedlegg) kan hentast lett ut. Det ligg dokument tilgjengeleg tilbake til 2010.

Postliste er og tilgjengeleg på nett, og her kan ein og søke etter dokument på gitt dato. Ein kan i tillegg søke etter journalpostar utan at det må vere på gitt dato. Dokument som er offentlege ligg opne for innbyggjarane. På rådhuset er det i tillegg service-kontor som kan gi publikumstenester ved betjent skranke og sentralbord.

«Pressens offentlighetsutvalg» utarbeidde i 2018 ein openheitsindeks for norske kommunar. Undersøkinga baserte seg delvis på korleis eit krav om innsyn vart handtert, og delvis på kor tilgjengeleg viktig informasjon var kommunane sine heimesider og delvis på eit spørjeskjema til kommunane sjølv. Giske kommune vart rangert som nummer 137 i landet. Punktet som drog ned var at det vart brukt lang tid på handsaming av innsynskrav. Dersom dette hadde blitt gjort på ein dag ville kommunen vore blant topp 20.

På forbrukarrådet sin kommunetest kom Giske i 2019 på 150. plass med 55,5 poeng. Dette er ein test på kor gode kommunane er til å hjelpe folk som har spørsmål om ulike kommunale tenester.

### RISIKOVURDERING OPENHET OG INNSYN

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Publikum blir ikkje gitt innsyn i dokument.	Postliste og politiske saker er tilgjengelege på kommunen si heimeside.	Innbyggjarane får ikkje informasjonen dei har krav på. Pressen blir hindra i sitt arbeid. Kommunen kan få svekka omdøme.	L	L	
Publikum finn ikkje fram det dei treng om tenestetilbod	Kontaktinfo og søknadsskjema ligg på heimesida. Det er eige servicekontor.	Innbyggjarane får ikkje informasjonen dei treng. Tenester kan bli forseinka. Kommunen kan få svekka omdøme.	L	H	

### 3.3 ARKIV OG DOKUMENTASJON

Ei gjennomsiktig forvalting og innsyn i prosessar og dokument, er ein føresetnad for offentleg diskusjon og dermed for demokratiet. Offentlege organ har plikt til å føre journal mtp den allmenne innsynsretten. Myndigheiter og publikum skal vite at all korrespondanse blir registrert, og at den dermed kan bli spora og overprøvd.

Kommunar og offentlige organ har ansvar for å dokumentere sin eigen aktivitet. I tillegg har arkiva ei samfunnsbetyding for demokratisk aktivitet, forsking og kulturell verksemd. Ein fungerande postjournal og arkivordning er ein grunnleggande føresetnad for å ivareta dette.

Giske kommune nyttar Acos Websak som saks- og arkivsystem, og det er utarbeidd arkivplan<sup>2</sup>. Denne blir ajourført ved bruk av nye system, og ved lov/forskriftsendringar mv. Den er likevel ikkje heilt ajour. M.a. er den ikkje oppdatert med den nye arkivforskrifta.

I arkivplanen går det fram

Tidlegare var det eit krav i forskrift om restansekontroll/ta ut restanselister 4 gonger i året. Restanseliste er eit oversyn over dokument i sak-/ arkivsystemet som ikkje er avskrivne med f.eks. brev ut, til etterretning e.l. Dette er ikkje lenger eit krav i forskrift, men det er viktig at det blir følgt opp på ein god måte. I Giske er det slik at 4 gonger i året får alle saksbehandlarar melding om å sjekke sine restansar/dokument dei ikkje har ferdigstilt, og sjekke om aktive saker kan avsluttast. Dei får instruksjonar om kvar dei skal gå for å gjere dette. I same skrivet vert einingsleiarar bedt om å ta dette opp med sine medarbeidarar slik at det vert ordna. Dette har fungert like godt som at ein tidlegare tok ut restanselister sentralt som ein sendte til kvar enkelt.

Riksarkivet gjennomførte tilsyn med arkivet i Giske i 2016, og i endeleg rapport i 2017 vart det peika på nokre pålegg om utbetringar.

### RISIKOVURDERING ARKIV OG DOKUMENTASJON

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Arkivering er ikkje tilfredsstillande	Kommunen har arkivsystem som er i tråd med lovkrav, arkivplan og retningslinjer. Arkivplan blir løpende ajourført, men litt står att. Tilsette blir følgde opp og får opplæring frå Servicekontoret.	Sakshandsaming blir tilfeldig. Det kan oppstå brot på reglar i arkivlova. Kommunen kan få svekka omdøme.	L	M	
Det blir ikkje gjennomført restansekontroll	Det ligg føre rutinar for restansekontroll, og det blir dokumentert i arkivplanen at det blir gjort.	Sakshandsaming blir tilfeldig. Det kan oppstå brot på reglar i arkivlova. Kommunen kan få svekka omdøme.	L	M	

### 3.4 DIGITALISERING

Digitalisering i offentleg sektor skal bidra til å auke kvaliteten på og effektiviteten i offentleg tenesteyting. Stortinget har eit mål om digitalt førsteval. Dette inneber at nettbaserte tenester skal vere hovudregelen i forvaltninga sin kommunikasjon med innbyggjarar og næringsliv. Ettersom

<sup>2</sup> <https://giske.arkivplan.no/content/view/full/34845>

kommunane er ein betydeleg leverandør av offentlege tenester er digitalisering av kommunale tenester avgjerande for å nå målet om et digitalt førsteval. (Meld. St. 27 (2015-2016)).

Søknadsskjema er tilgjengelege på kommunen si heimeside.

I 2016 vedtok kommunestyret «Tenestutvikling gjennom digitalisering og bruk av ny teknologi». Det blir arbeidd aktivt med dette i fleire sektorar, og årsmeldingane for både 2018 og 2019 omtalar status for dette arbeidet, og at ein no ser effekten av det med at ein yter tenester til dobbelt så mange brukarar i dag som for 10 år sidan med like mange tilsette. Stikkord er velferdsteknologi, karttenester, nettbrett og koding på skulen, digitale rapporteringssystem mv. I år har det for dei aller fleste i tillegg blitt eit løft på digital kommunikasjon med til dømes utstrakt bruk av teams.

Omstilling gjennom digitalisering skapar behov for opplæring. Ein stram kommuneøkonomi kan medføre lave kursbudsjett. Dette kan igjen medføre at ein ikkje klarar å ta ut alle gevinstar.

## RISIKOVURDERING DIGITALISERING

Risikofaktor	Sannsynlighet for at risiko inntreff	Konsekvens hvis risiko inntreff	S	K	V
Kommunen gjer seg ikkje nytte av dei mulegheitene digitalisering gir	Det er eit sterkt fokus på digitalisering. Det blir rapportert på status på målsettingane. Nye løysingar krev opplæring.	Saksbehandling tek lang tid. Det er lite effektiv drift – kostbart. Kan gi svekka omdøme.	L	M	

## 3.5 SAKSBEHANDLING

Forvaltningsloven inneheld reglar om korleis offentlege myndigheter skal handsame saker. Dette er viktige regler fordi dei gjeld den enkelte sin rett til å få handsama sine saker av offentlege myndigheter på ein forsvarleg og riktig måte. Lova inneheld reglar om sakshandsaming og sakshandsamingstid, om forvaltninga si rettleiingsplikt, om møter, om forvaltninga si plikt til å skrive ned opplysningar og om å bruke fullmektig eller advokat.

Det er utarbeidd retningsliner for sakshandsaming (frå 1997) som ligg inne i arkivplanen. I Compilo ligg det inne nokre rutinar for enkeltområde (til dømes helsestasjon og psykisk helsearbeid), men ikkje alle.

Tal på klagesaker og utfall av desse kan seie noko om kvaliteten på sakshandsaminga.

Årsmeldinga er etter vår vurdering grundig, og det ligg der føre ei god rapportering på vedtekne mål og måloppnåing.

Det blir lagt fram saker til kommunestyret om status i politiske saker.

## RISIKOVURDERING SAKSBEHANDLING

Risikofaktor	Sannsynlighet for at risiko inntreff	Konsekvens hvis risiko inntreff	S	K	V
Saksbehandling er ikkje tilfredsstillande	Kommunen har eit saks- og arkivsystem med malar og rutinar. Rutinar for saksbehandling er frå 1997.	Innbyggjarar kan få for dårlige tenester eller ikkje få tenester dei har krav på. Saksgrunnlag som blir lagt fram for politisk leiing kan vere for dåleg. Kommunen kan få svekka omdøme	M	M	

Klagebehandling er ikkje tilfredsstillande	KOSTRA-tal .....	Innbyggjarane kan få for dårlege tenester eller ikkje få tenester dei har krav på. Kommunen kan få svekka omdøme.	L	M	
--	------------------	---	---	---	--

### 3.6 OFFENTLEGE INNKJØP

Offentlig sektor bruker over 500 mrd kroner kvart år på innkjøp. Dette er midlar som oppdragsgjevarane skal nytte på best mogleg måte for å oppfylle sitt samfunnsoppdrag. Det er potensial for å effektivisere offentlege innkjøp, for å oppnå lågare transaksjonskostnad, betre priser og betre behovsdekning. Samstundes skal offentlege innkjøp også bidra til å løyse viktige samfunnsoppgåver knytt til m.a. klima og kamp mot arbeidslivskriminalitet. Å gjennomføre gode innkjøp som er i tråd med desse forventningane, er krevjande. Dette krev at ein må profesjonalisere innkjøpa gjennom mellom anna økt satsing på kompetanse, betre styring, leiing og organisering.

Offentlige innkjøp er på grunn av sitt omfang eit viktig strategisk verkemiddel i kampen mot arbeidslivskriminalitet. Offentlige innkjøperar har eit samfunnsansvar, og skal derfor stille krav til lønns- og arbeidsvilkår. Dette bidreg til å sikre arbeidsvilkåra for dei som til dømes bygg skular og sjukeheimar eller yter reinhaldstenester for det offentlige. (Difi).

Kommunen er med i innkjøpssamarbeidet i regi av Ålesund kommune, og nyttar seg av innkjøpsavtalar der konserninnkjøp i Ålesund kommune har stått for at innkjøpa er i tråd med regelverk. Innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre består av kommunane Ålesund, Vestnes, Sykkylven, Sula, Stranda, Fjord, Giske, Hareid, Herøy, Ulstein, Sande, Vanylven, Ørsta og Volda.

Det har ikkje vore utarbeidd eige innkjøpsreglement, men det er eit eige kapittel om innkjøp i økonomireglementet. Dette er ikkje oppdatert på lenge. Det er no utarbeidd utkast til innkjøpsreglementet som vil bli lagt fram for kommunestyret i løpet av hausten.

Giske kommune har ikkje hatt saker til handsaming i KOFA dei tre siste åra.

Komrev3 IKS hadde i samband med rekneskapsrevisjonen for 2017 ein kontroll på offentlege innkjøp. Det vart der avdekkja at nokre avvik der det var manglande rammeavtalar og mangelfull protokollføring.

### RISIKOVURDERING OFFENTLEGE INNKJØP

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens hvis risiko inntreff	S	K	V
Innkjøpa blir ikkje gjort tilfredsstillande	Kommunen deltek i innkjøpssamarbeid. Innkjøpsreglar som del av øk.regl. har ikkje vore oppdatert jf nytt regelverk.	Mindre effektiv drift, økonomisk tap og misleg framferd. Svekka tillit og omdøme.	M	H	

### 3.7 OFFENTLEG STØTTE

EØS-avtalen set skrankar for mulegheitene norske myndigheter har til å gi støtte til næringsverksemd. Regelverket om offentleg støtte er under rask utvikling og får stadig større gjennomslag både i Europa og i Norge. For å unngå unødvendige forseinkingar av planlagde støttetiltak, er det viktig med auka kunnskap om regelverket.

På heimesida til Giske kommune går det fram at

Giske kommune har tre næringsfond øyremerket for lokal utvikling og støtte:

- *Hoppid-fond for etablerarar*
- *Kommunalt næringsfond*
- *Fylkeskommunalt næringsfond*

Vi har forstått det slik at fylkeskommunen frå og med 2020 ikkje gir påfyll til dei kommunale næringsfonda. Pr. 31.12.19 stod det att kr 141.574 på næringsfondet. Mao er omfang av denne type tilskot ikkje stort.

Ein må og vere oppmerksam på regelverket om offentleg støtte dersom ein inngår kontraktar med til dømes subsidiert husleige.

#### RISIKOVURDERING OFFENTLIG STØTTE

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreffer	Konsekvens om risiko inntreffer	S	K	V
Kommunen gir ulovleg støtte.	Komplisert regelverk. Omfanget av støtte er ikkje stort.	Urettferdig. Svekk omdøme.	L	M	

#### 3.8 ETIKK OG VARSLING

Eitt av formåla med kommunelova er å legge til rette for tillitsskapande forvaltning som bygger på høg etisk standard. Etikk er ein integrert del av all arbeidspraksis. Etikk er dei verdiprioriteringane som ligg til grunn for alle avgjersler eller handlingar.

KS og Transparency International Norge (TI) rår til at kommunane har etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde, og at retningslinjene bør vere handsama av kommunestyret. KS og TI anbefaler at dei etiske retningslinene også blir gjort gjeldande for kommunale føretak. I årsmeldinga skal kommunen skal gjere greie for tiltak som er sett i verk og tiltak som er planlagt sett i verk for å sikre trygg kontroll og en høg etisk standard i verksmeda og i kommunale føretak.

Arbeidstakar har rett til å varsle om kritikkverdige tilhøve på arbeidsplassen. Arbeidsgjevar har plikt til å sette i verk tiltak for å legge til rette for intern varsling. KS og Arbeidstilsynet rår til at kommunane utarbeider skriftlige rutinar for dette.

Giske kommune har etiske retningslinjer. Desse ligg og inne i Compilo.

I årsmelding 2019 blir det opplyst følgande om etikk:

«Giske kommune har etiske retningslinjer som gjeld for tilsette og politikarane. Dei etiske retningslinjene vert gjennomgått årleg.

Både verdidokumentet og dei etiske retningslinjene er rettesnor i møte med innbyggjarane, samarbeidspartnarar, og mellom dei tilsette. Dei skal hjelpe oss til å nytte hjartet i beslutningane våre, og i korleis vi opptrer.»

Kommunen har også prosedyre og system for varsling. Desse er utarbeidd i 2019 i samarbeid med bedriftshelsetenesta og verneomboda. Varsling kan og gjerast i Compilo.

## RISIKOVURDERING ETIKK OG VARSLING

Risikofaktor	Sannsynlighet for at risiko inntraff	Konsekvens hvis risiko inntraff	S	K	V
Kommunen har ikkje tilfredsstillande etisk standard.	Etiske retningslinjer er tilgjengeleg for tilsette. Desse blir gått gjennom med jamne mellomrom.	Svak rettstryggleik for innbyggjarar/tilsette. Kan få misleg framferd og svekka omdøme.	L	M	
Det blir ikkje lagt til rette for varsling av misleger.	Kommune har prosedyre og system for varsling.	Svak rettstryggleik for innbyggjarar/tilsette. Kan få misleg framferd og svekka omdøme.	L	M	

### 3.9 INFORMASJONSSIKKERHET OG PERSONVERN

Personvern handlar om retten til privatliv i fred som er eit grunnleggande prinsipp i ein rettsstat. Idealet er at kvar einskild skal ha råderett over eigne personopplysningar. Ny lov om handsaming av personopplysningar (2018) gjennomfører EU si personvernforordning (GDPR) i Norge og gjer personvernforordninga til norsk lov.

Myndigkeitene si satsing på ein heildigital offentleg forvaltning fører til at informasjonssikkerheit og risikovurdering blir ein sentral del av arbeidet med IKT-system og verksemddprosesser. Personvernforordninga (GDPR) inneber at kommunar skal gjennomføre og dokumentere at tilsette har gjennomført opplæring i personvern og informasjonssikkerheit.

Hensikta med personellsikkerhet er å legge til rette for at tilsette og andre forstår sitt ansvar og er eigna for rolla dei har, slik at risiko for tap, driftsforstyrningar, svindel og misbruk blir redusert til eit akseptabelt nivå. Målet er å forhindre tilkomst til, skade på og forstyrring av lokalar, IKT-system og informasjon. Hensikta er å sikre integritet, tilgjengeleight og konfidensialitet til informasjon som blir handsama for å løyse oppgåvene til verksemda, og til alle driftsmessige og systemmessige IKT leveransar.

Mange kommunar har ei handbok for informasjonssikkerheit. Denne kan bli integrert som eit kapittel i verksemda sine rutinar eller den kan stå for seg sjølv. I tillegg til ei handbok bør det vere overordna retningsliner i form av ein «informasjonstryggleikspolicy» for verksemda. (nettvert.no).

I Giske blir Postliste frå føregåande dag sjekka av to personar før den blir lagt ut i innsyn. Den vert publisert på heimesida to dagar etter produksjon.

Giske er saman med kommunane i Møre og Romsdal med i samarbeid om personvernombod i regi av Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal (IKA). Ombodet si oppgåve er å informere og gi råd om personvernregelverket og kontrollere at kommunen er innanfor personvernregelverket. Informasjon om ordninga er tilgjengelig på kommunen si heimeside, men det går ikkje fram kor ein skal kunne ta kontakt.

I årsrapport 2019 blir personvern og GDPR omtalt:

*Ei stilling er omdisponert til å jobbe med ny personvernforordning. Arbeidet er godt i gang og protokollar og -e-læringsopplegg er på plass innan juni 2020.*

Dei siste åra har ei rekke kommunar tatt i bruk ulike «apper» til kommunikasjon mellom foreldre og tilsette i skular og barnehagar. Det har vore tilfelle der personopplysningar har blitt gjort tilgjengeleg for personar som ikkje skulle ha slik informasjon. Det er viktig at kommunar ved innføring av «apper» eller liknande, sikrar at desse ikkje fører til at sensitive opplysningar blir tilgjengeleg for andre enn dei som har rett til dette.

## RISIKOVURDERING INFORMASJONSSIKKERHEIT

Risikofaktor	Sannsynlighet for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Informasjonssikkerheten er ikkje tilfredsstillande	Personvernombod gjennom IKA. God informasjon på heimeside. Postjournal blir kontrollert. Vanskeleg område med rask utvikling.	Sensitive opplysningar for innbyggjarar eller viktige opplysningar for kommunen kan bli spreidd til ubevekomande	L	M	

### 3.10 ARBEIDSMILJØ OG KOMPETANSE

Tilhøva på ein arbeidsplass kan innehalde både oppbyggande og nedbrytande arbeidsmiljø-faktorar. Desse arbeidsmiljøfaktorane bør bli vurdert både enkeltvis og samla med utgangspunkt i mulige innverknader på arbeidstakarens fysiske og psykiske helse og velferd.

Vurdering av arbeidsmiljø er delvis ei subjektiv vurdering. Det er den enkelte si oppleving av eigen arbeidssituasjon som ligg til grunn. Det som er akseptabelt for nokre kan vere uakseptabelt for andre. Derfor behøver ikkje eit arbeidsmiljø vere kollektivt godt/dårlig, sjølv om det for enkelte kan bli opplevd som akseptabelt/uakseptabelt.  
Det fins ei rekkje lovfesta krav til arbeidsmiljøet, jf. lov om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv (arbeidsmiljølova).

Både arbeidsgjevar og arbeidstakar har interesse av at arbeidsplassen er helsefremmande. Friske og motiverte medarbeidarar er ein nøkkelfaktor i gode og effektive bedrifter. For den enkelte betyr ein helsefremmande arbeidsplass betre livskvalitet gjennom økt jobbtilfredsheit og færre jobbrelaterte helseplager.

Kommune har bedriftshelsetenesteavtale med Medi3.

KS sin statistikk<sup>3</sup> viser at det var ei auke i sjukefråveret frå 8,8% til 9,6% frå 2018 til 2019 (tal ved utgangen av 3.kvartal begge åra). Det ser ut til at det variere mykje internt i kommunen.

I 2019 var tilsvarande tal for andre kommunar 9,8%. Kommunen skriv sjølv i si årsmelding at ein av grunnane til auken kan vere at fokuset på nærværarbeid var mindre i 2019 enn året før.

Det vart i 2019 gjennomført medarbeidarundersøking.

I årsmeldinga for 2019 går det fram:

*Partssamarbeidet fungerer godt. Satsinga dei siste åra har ført til auka rolleforståing og betre samarbeid. Det er også all grunn til å vere nøgd med vernetenesta sin innsats og kompetanse.*

I spørjeundersøkinga til einingsleiarar går det fram at rekruttering at rett kompetanse er utfordrande i enkelte sektorar.

<sup>3</sup> <https://www.ks.no/fravarstall>

## RISIKOVURDERING ARBEIDSMILJØ

Risikofaktor	Sannsynlighet for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Arbeidsgjevar- ansvaret blir ikkje ivaretake på ein tilfredsstillande måte	Sjukefråværet har auka litt. Det blir gjennomført medarbeidarundersøkingar og samtaler. I enkelte sektorar er det vanskeleg å få tak i personell med rett kompetanse	Kommunen sitt omdøme som arbeidsgjevar kan bli svekka, noko som kan gjere rekruttering og å behalde medarbeidrar vanskelegare.	M	M	

### 3.11 SAMFUNNSSIKKERHEIT OG BEREDSKAP

Forskrift om kommunal beredskapsplikt pålegg kommunane å arbeide heilskapleg og systematisk med samfunnstryggleik og beredskap.

Giske kommune er spesiell i høve til mellom anna undersjøiske tunnelar og flyplass, i tillegg til å vere ei kystkommune som kan vere utsett for ekstremver. Samfunnssikkerheit og beredskap er difor kanskje ekstra viktig her.

Kommunestyret hadde i september 2019 til handsaming Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse. Der vart det m.a. konkludert med at det skulle arbeidast med oppdatering av smittevernplanen, i tillegg til ei rekke andre tiltak knytt til fleire område som ein hadde gjort vurderingar om. ROS-analysen var etter vår vurdering ein grundig gjennomgang. Det går mellom anna fram følgande:

*Kommunen har etablert ein beredskapsorganisasjon og eit beredskapsplanverk for å oppretthalde verksemder og tenesteproduksjon ved uønska hendingar. Verksemdene i Giske har meldt inn sine vurderingar ved hendingar som påverkar kritiske funksjonar, og som er vist i avsnitt om sårbarheit i delrapport 1.*

*Ved hendingar som pågår over lengre tid, vil det vere behov for forsterkning av beredskapsorganisasjonen med rullering av personell evt. også med bistand frå andre kommunar. Det er viktig å øve planverket både med varslingsøvingar og med gjennomgang av moglege hendingar med dei aktuelle verksemder og personar som vert berørt.*

Det vart m.a. i september 2019 gjennomført beredskapsøving på Valderøy barneskule som er peika ut som eitt av fleire Evakuerte- og pårørandesenter for å ta vare på ramma og pårørande.

Beredskapsplan for Giske kommune 2019-20 vart vedteken 12.12.19.

Kommunen har og utarbeidd brosjyra «Kva gjer vi når ulukka er ute – beredskap i Giske»

## RISIKOVURDERING SAMFUNNSSIKKERHEIT OG BEREDSKAP

Risikofaktor	Sannsynlighet for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Kommunen ivaretek ikkje krav til samfunns-sikkerheit og beredskap.	Kommunen har arbeidd mykje med ROS-analyser og beredskapsplaner mv. Ansvar og oppgåver er bestemt. Planar blir jamleg gått gjennom, og det blir gjennomført øvingar.	Hendingar kan føre til unødvendige følgjeskadar som følge av dårlig handtering. Kommunen sitt omdøme kan bli svekka.	L	H	

## 4 KOMMUNALE TENESTER - SEKTORAR

### 4.1 BARNEHAGE

Barnehagen skal legge eit godt grunnlag for vidare utvikling og læring. Målet er ein trygg barnehage med kvalifiserte og omsorgsfulle vaksne, ein barnehage der barna kan leike og lære.

Det er krav til kvalitet i barnehagen for at barn skal få ein god start og gode mulegheiter til å klare seg vidare i livet<sup>4</sup>. Retten til barnehageplass gjeld for alle barn som er 1 år innan utgangen av november det året det blir søkt om barnehageplass. Barnehagane skal være tilgjengelige for alle barn og uavhengig av foreldra sin økonomi.

Barnehageområdet i Giske hadde i 2019 eit meirforbruk på 1,2 mill. kroner. Av dette var meirforbruket 0,6 mill. kroner på dei 2 kommunale barnehagane. Tilsvarande meirforbruk i 2018 var 2,6 mill. kroner. Ein stor del private barnehagar får kommunale tilskot, og desse tilskota kan variere med kommunen sine utgifter til drift av eigne barnehagar. Difor er det kanskje ekstra viktig at det er effektiv drift.

Fylkesmannen sendte tilsynsrapport om «Rett til spesialpedagogisk hjelp og individuelt tilrettelagt barnehagertilbod» til kommunen 21.04.20. Der gjekk det fram at

*Under tilsynet avdekkja vi lovbro. Vi varslar om at det vil bli aktuelt å vedta følgjande pålegg:*

- 2. Kommunen må sørge for å gjennomføre den spesialpedagogiske hjelpa i samsvar med vedtaket og følgje opp dette, jf. barnehagelova §§ 19 a, b, c, og e. Kommunen må i samband med dette sjå til at:*
  - a) Barn får den hjelpa det har rett på i samsvar med vedtaket.*

Kommunen meldte 14.05.20 tilbake at retting av lovbroet var utført, og rutinar var endra.

Giske kommune gjennomfører sjølv interne tilsyn med barnehagar i si rolle som barnehagemyndighet.

På barnehagefakta.no finn ein informasjon om barn per tilsett, barn per barnehagelærer, dei tilsette si utdanning og foreldretilfredsheit. Foreldretilfredsheit for Vigra barnehage hausten 2019 var 4,4 av 5,0 og for Giske barnehage 4,3. Det nasjonale gjennomsnittet var 4,5.

Det blir og gitt informasjon om barnehagen oppfylte pedagognormen per 15.12.2019. Av åtte barnehagar som blir omtalt blir det opplyst at to oppfyller pedagognormen utan dispensasjon. Dei resterande har dispensasjon, av desse finn vi begge dei kommunale (dispensasjon skuldast her at medarbeidarar er i permisjon).

---

<sup>4</sup> <https://www.regjeringen.no/no/tema/familie-og-barn/barnehager/innsikt/Rett-til-barnehageplass/id2344761/>

I KOSTRA går det fram at andel barnehagelærarar i høve til grunnbemanninga er lågare i Giske enn landet elles og også lågare enn i samanliknbare kommunar. I Compilo ligg det eigne prosedyrar for å rekruttere og halde på pedagogisk personale.

Det går vidare fram i KOSTRA at andel barn 1-5 år som går i barnehage litt høgare enn samanliknbare kommunar og litt lågare enn landet elles.

I samband med rekneskapsrevisjonen for 2019 er det gjennomført ein forenkla etterlevingskontroll med følgande konklusjon:

*Basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis har vi ikkje vorte merksame på noko som gir oss grunn til å tro at Giske kommune ikkje i det alt vesentlege har etterlevd reglane ved berekning av tilskot til private barnehagar og at berekninga er i samsvar med krava slik dei går fram av §-35 i forskrifta.*

## RISIKOVURDERING BARNEHAGE

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Barnehagane held ikkje økonomisk ramme	Barnehageområdet hadde eit meirforbruk i 2019. Stor andel private barnehagar som skal ha tilskot.	Barnehagane brukar meir enn planlagt. Kan gå ut over andre tenester og svekke kommunen sitt omdøme.	M	M	
Kvaliteten i barnehagane er ikke tilfredsstillande	Fleire barnehagar har dispensasjon frå pedagognormen. Andel barnehagelærarar er låg i høve samanlikbare kommunar.	Barna får ikke eit kvalitativt godt nok tilbod	M	M	
Kommunen fyller ikke opp krav om rett til barnehageplass	Barnehagedekninga er relativt god.	Barn får mindre pedagogisk, sosial og kulturell opplæring enn ønskeleg. Arbeidskraft blir ikke utnytta. Mindre tilflytting og vekst	L	M	

## 4.2 GRUNNSKULE

Det er eit mål at skulen skal ha høg kvalitet og gi den enkelte og samfunnet naudsynte føresetnader for framtidig velferd, verdiskaping og en berekraftig utvikling. Skulen skal bygge på prinsippet om likeverdig og tilpassa opplæring for alle i ein inkluderande skule. Det er eit mål at alle elevar skal opnå grunnleggande ferdigheter og oppleve mestring og utfordring i skulen. (Kjelde: regjeringen.no)

Kontrollutvalet trekte i sitt møte 12.05.20 fram mellom annan fram problemstillingar knytt til grunnskule som aktuelle område for vidare arbeid.

Grunnskulen sitt Informasjonssystem (GSI)<sup>5</sup> samlar inn store mengder data om grunnskulen i Norge. Der ligg informasjon om: elevtal, årstimar, årsverk, spesialundervisning, språklege minoritetar, målform, framandspråk, fysisk aktivitet, leksehjelp, SFO, valfag og PPT. GSI for skuleåret 2019-2020

<sup>5</sup> <https://www.gsi.udir.no/>

opplyser m.a. at 7,7% av undervisningspersonalet i Giske kommune ikkje oppfyller kompetansekrava for tilsetting. Dette er noko høgare enn tilsvarande i gjennomsnitt for landet og fylket.

Elevundersøkinga 2019/2020 for 7.trinn viser at elevane i Giske kommune opplever læringsmiljøet i kommunen anten på same nivå eller betre enn gjennomsnittet i fylket

### **Skoleporten - Elevundersøkelsen -**

Enhet: Giske kommune

Giske kommune, Grunnskole, Elevundersøkelsen, Alle eierformer, Trinn 7, Begge kjønn

Indikator og nøkkeltall	2015-2016	2016-2017	2017-2018	2018-2019	2019-2020
Læringskultur	4,0	4,1	4,1	4,2	3,6
Elevdemokrati og medvirkning	3,9	3,8	3,6	3,9	3,6
Faglig utfordring	3,9	3,9	3,9	4,1	3,7
Felles regler	4,3	4,4	4,2	4,4	4,2
Trivsel	4,2	4,1	4,2	4,3	4,1
Mestring	4,0	3,9	3,9	4,2	3,8
Støtte fra lærerne	4,3	4,5	4,3	4,4	4,3
Motivasjon	3,8	3,8	3,6	3,9	3,5
Vurdering for læring	3,8	3,8	3,6	4,0	3,6
Støtte hjemmefra	4,2	4,2	4,2	4,3	4,1

KOSTRA-tala viser at kommunen brukar 28,6% til netto driftsutgifter grunnskule (i prosent av samla netto driftsutgifter. Dette er meir enn samanliknbare kommunar(24,6%) og landet utanom Oslo (23%).

Det er vidare slik at 12% av elevane får spesialundervisning. Dette er ein god del høgare enn samanliknbare kommunar (7,7%) og landet utanom Oslo (7,8%). Men timetalet til dei som får spesialundervisning (117,2), er lågare enn samanliknbare kommunar (146,8) og landet utanom Oslo (139,9). Dersom ein ser nærmere på tala, viser det seg at det er gjennomgåande høgare del av elevar med spesialundervisning på alle trinna enn samanliknbare kommunar.

Resultata i nasjonale prøver avvik ikkje mykje frå samanliknbare kommunar. Eksamensresultat for norsk hovudmål var 0,4 svakare enn landet elles, medan dei andre karakterane var om lag som gjennomsnittet.

Kommunen skal årleg utarbeide den obligatoriske tilstandsrapporten jf. Opplæringslova §13-10. Det har vore liten saksbehandlingskapasitet på dette området, og den siste rapporten som er utarbeidd er difor for 2017.

Jf. årsrapporten for 2019 hadde grunnskuleområdet eit meirforbruk i 2019. Skulane hadde eit meirforbruk på 2,3 mill. kroner, og Vaksenopplæringa hadde eit meirforbruk på 2,5 mill. kroner. I spørjeundersøkinga går det fram at den økonomiske situasjonen gjer at drifta er svært utfordrande.

Vaksenopplæring ligg i lokala til tidlegare Valderøy barneskule. Det blir kjøpt grunnskuleopplæring for vaksne frå vaksenopplæringssenteret på Hareid. Norskopplæring til innvandrarar blir kjøpt frå Folkeuniversitetet. Kommunen ser ikkje ut til å ha rapportert inn til KOSTRA tal på deltakarar i vaksenopplæringa. Budsjettet for 2020 er styrka.

PPT nådde i 2019 ikkje målet om saksbehandlarfrist – oppstart innan 3 mnd og ferdigstilling innan 6 mnd. I årsmeldinga går det fram at ein arbeider med å redusere tal på vedtak om spesialundervisning.

I spørjeundersøkinga til formannskap kom det fram at Grunnskule var det området fleste politikarer meinte at det var stort utfordringar.

## RISIKOVURDERING GRUNNSKULE

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Skulane held ikkje økonomisk ramme	Meirforbruk i 2019, og knappe økonomiske rammer	Skulane brukar meir enn planlagt. Kan gå ut over andre tenester og svekke kommunen sitt omdøme.	M	M	
Kvaliteten i grunnopplæringa er ikkje tilfredsstillande, Spesialundervisning/tilret telagt opplæring eller PP tenesta fungerer ikkje tilstrekkeleg	Det har ikkje blitt utarbeidd tilstandssrapport på ei stund. Elevundersøkingar blir gjennomført. Resultat om lag på snitt. PPT når ikkje fristmål. Omfanget av spesialundervisning er høgt, og har vore høgt over tid.	Elevane får ikkje tilfredsstillande læringsutbytte	M	H	
Kvaliteten i skulefritidsordninga (SFO) er ikkje tilfredsstillande	Alle skulane har tilbod om SFO.	SFO-tilboden er ikkje i samsvar med den betaling som blir kravd.	L	M	
Kvaliteten i vaksenopplæringa er ikkje tilfredsstillande	God informasjon på heimesidene. Styrka budsjett.	Svak utnytting av den enkelte sine evner og kan gjere integrering vanskelegare.	L	M	

### 4.3 HELSE

Kommunane har ansvar for å sørge for gode og forsvarlege helsetenester til alle som treng det, uavhengig av alder eller diagnose. Staten har ansvar for å sikre like rammevilkår gjennom regelverk og økonomiske rammer. Staten har også ansvar for å føre tilsyn og kontroll.

Alle som er busett i ei norsk kommune, har rett til å stå på liste hos ein fastlege. Vi har god legedekning med færre innbyggjarar per fastlege enn mange andre land. Statistikken viser at kommunane har lukkast med å rekruttere fleire fastleger enn befolkningsveksten tilseier, men arbeidsoppgåvene har blitt fleire for legene. (Kilde: regjeringen.no).

Skulehelsetenesta og helsestasjon ligg under Barn, familie og helse. Det var eit mindreforbruk på ca 1 mill. kroner i 2019.

Legetenesta hadde eit stort meirforbruk i 2019. Hovudårsaker var bruk av vikarbyrå, kjøp av tenester og omstillingsarbeid med overgang frå privat til kommunal drift av legekontoret. I årsmeldinga går det fram at ein no har nådd målet om at kapasiteten i fastlegeordninga skal vere tilstrekkeleg til å sikre alle innbyggjarane fastlege. Budsjettet for 2020 er noko styrka

Det er rapportert om at auka statstilskot har gjort at helsestasjonen og skulehelsetenesta har blitt styrka dei siste åra.

KOSTRA-tal viser at andel heimebesøk utført at jordmor innan 3 døgn etter heimkomst frå fødeavdeling (80,86%) har auka dei siste åra. Det er høgare enn landet utan Oslo (47,4%) og samanliknbare kommunar (54,3%). Vidare er andel helsesjukepleiarar i denne tenesta (sett i høve til

innbyggjarar 0-20 år 20,9% og i høve innbyggjarar 0-5 år 71,5%) noko lågare enn både samanliknbare kommunar (23% og 87,6%) og landet utanom Oslo (22,5% og 86,6%).

KOSTRA viser at gjennomsnittlig listelengde for legane i Giske (961 pasientar) er noko lågare enn samanliknbare kommunar (1039) og landet utanom Oslo (1049). Dersom ein korrigerar for kommunale timer er tala for Giske 1109 pasientar, medan det for KG-gruppe 10 er 1138 og landet utanom Oslo 1156. I KOSTRA går det og fram at andel kvinnelege legar har gått ned (33,3%), og fortsatt er lågare enn samanliknbare kommunar (43,4%) og landet utanom Oslo (45,5%)

## RISIKOVURDERING HELSE

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Helsetenesta held ikkje økonomisk ramme	Meirforbruk i 2019	Helsetenesta brukar meir enn planlagt. Kan gå ut over andre tenester og svekke kommunen sitt omdøme.	M	M	
Kvaliteten i førebyggjande helsetiltak i helsestasjonen er ikkje tilfredsstillande	Auka heimebesøk innan 3 dagar av jordmor.	Mor og barn får ikkje dei førebyggjande helsetenestene dei har krav på.	L	M	
Kvaliteten i førebyggjande helsetiltak i skulehelsetenesta er ikkje tilfredsstillande	Auka kapasitet. Ikkje funne indikasjonar på at det ikkje blir levert forsvarlege tenester.	Innbyggjarane får ikkje helsetenestene dei har krav på.	L	M	
Fastlegedekninga i kommune er ikkje tilfredsstillande	I periodar har det vore vanskeleg å rekruttere. Har god dekning no.	Innbyggjarane får ikkje helsetenestene dei har krav på.	L	M	

## 4.5 BARNEVERN

Barnevern har som hovudoppgåve å sikre barn og unge sine oppvekstvilkår.

Barnevernet skal beskytte barn mot omsorgssvikt og motverke at barn lider fysisk og psykisk overlast. Blir barnevernet kjent med slike forhold, har det ei lovbestemt plikt til straks å undersøke korleis barnet har det, og om nødvendig sette i verk tiltak. Jf. barnevernlova har barneverntenesta plikt til å gjennomgå ei melding snarast, og om nødvendig, gjennomføre ei nærmere undersøking seinast innan 3 mnd. Dersom det er naudsynt å sette i verk tiltak, skal dette bli gjort seinast 6 veker etter at undersøkinga er avslutta. Sidan lovgjeverane ser det som viktig at barna får hjelp i tide, kan kommunen få mulkt dersom fristane ikkje blir haldne.

Barnevernet sitt arbeid er ei blanding av støtte og kontroll. Det skal gi hjelp og støtte slik at heimen skal kunne makte sitt ansvar for oppdraging, men det har og plikt til å gripe inn dersom dette ikkje nyter. (Kjelde: regjeringen.no, Q-0801).

Frå om med hausten 2019 deltok kommunen i Ålesund barnevernvakt. Før dette var det felles barnevernvakt med Sula, Sykkylven og Stranda.

I årsrapport for 2019 går det fram at ein ikkje har nådd målsetting om at det ikkje skal vere fristbrot i saksbehandlinga i barnevernet, og at det var 4,7% fristbrot. Det blir opplyst om at tiltak for

effektivisere saksbehandlingstid har vore vellukka. Dette verkar også sannsynleg ut frå at fristbrota er redusert frå 10,5% (jf. Årsrapport 2018) i 2018.

I årsrapport for 2019 går det vidare fram at tenesta nådde målet om å lukke avvik om manglende oppfølging av barn i fosterheim.

## RISIKOVURDERING BARNEVERN

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Kvaliteten i barnevernet er ikkje tilfredsstillande	Det er fristbrot, men dette er redusert. Avvik om manglende oppfølging av barn i fosterheim er lukka. Tal på barn med undersøking per årsværk, behandlingstid,	Innbyggjarane får ikkje dei barnevernstenestene dei har krav på	M	H	

## 4.6 PLEIE OG OMSORG

Kommunane har ansvar for tenestetilbodet til alle menneske med behov for pleie- og omsorgstenester, utan omsyn til alder eller diagnose.

Kommunane har ansvaret for utbygging, utforming og organisering av eit forsvarleg og godt tenestetilbod til den enkelte som har behov for pleie- og omsorgstenester. Staten har ansvar for å sikre kommunane gode rammevilkår gjennom regelverk og økonomiske rammer og ved å føre tilsyn. Staten skal vidare legge til rette for kommunal planlegging og utvikling i balansen mellom omsynet til eit likeverdig tenestetilbod til alle og tilpassing til lokale forhold og behov.

Omsorgstenestene må bli organisert slik at bruker så langt som mulig kan leve og bu sjølvstendig, og ha ein aktiv og meiningsfull tilvære i fellesskap med andre. Tenestene skal bli utforma i samråd med brukaren.

Kommunale helse- og omsorgstenester består i hovudsak av ulike former for heimetenester, som for eksempel heimesjukepleie og praktisk bistand, opphold i institusjon, og tilbod om avlastningstiltak, støttekontakt og omsorgsløn. Som ein del av ordninga med praktisk bistand skal alle kommunar ha tilbod om Brukarstyrt personlig assistanse (BPA). Dette er ei alternativ organisering av praktisk bistand etter lov om sosiale tenester. Det er kommunen som avgjer om brukarane skal få organisert tenestene som BPA. Ordninga inneber at tenestemottakaren har eigne faste assisterar som han eller hun har arbeidsleiaransvar for.

Utover dette kan den enkelte kommune ha ordningar og tilbod spesielt tilpassa eigen kommune, som for eksempel matlevering og tryggleiksalarm. (Kjelde: regjeringen.no)

Pleie og omsorg i Giske kommune hadde i 2019 eit meirforbruk på 6,9 mill. kroner<sup>6</sup>. Korrigert budsjettkjema 1B viser eit meirforbruk på 8,5 mill. kroner. Avlastning og omsorgssenteret hadde dei største meirforbruka.

<sup>6</sup> Inklusiv psykisk helsevern som hadde eit meirforbruk på 0,8 mill. korner..

I tillegg til økonomi er det gitt tilbakemelding om at nokre av dei største utfordringane er mangel på kommunal bustad som kjem under ressurskrevjande tenester og mangel på korttids og langtidsplass i omsorgsbustad med heildøgns bemanning og institusjon.

Det har samla dei 3 siste åra blitt utgiftsført ca 0,7 mill. kroner til betaling til helseføretaket for utskrivingsklare pasientar. Det meste av dette var i 2019.

Kommunen har ein låg del av innbyggjarar over 80 år som er bebuarar på institusjon (1,7%) sett i høve til samanliknbare kommunar (10%) og landet utanom Oslo (11,9%). Samstundes er ein stor del av same gruppe brukarar av heimetenestene (38,3) jf. samanliknbare kommunar (31,4%) og landet utanom Oslo (30,3%).

Fysioterapitimer pr. veke pr. bebuar i sjukeheim er litt høgare enn samanliknbare kommunar og landet elles, men det kan og ha samanheng med at det er få institusjonsplassar i kommunen.

Giske kommune rapporterte inn 49,7 mill. kroner i utgifter til ressurskrevjande tenester i 2019. Tilskotet for dette er berekna til 23,5 mill. kroner. I 2018 var rapporterte utgifter 44,1 mill. kroner og tilskotet 21,1 mill. kroner. Endringar i brukarar kan gi store økonomiske utslag.

## RISIKOVURDERING PLEIE OG OMSORG

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Pleie og omsorg held ikkje økonomisk ramme	Stort meirforbruk i 2019	Pleie og omsorg brukar meir enn planlagt. Kan gå ut over andre tenester og svekke kommunen sitt omdøme.	M	M	
Kommunen er ikkje tilpassa samhandlingsreforma	Rekning på liggjedøgn lavt i 2017 og 2018, men har auka i 2019	Innbyggjarane får ikkje den pleie og omsorg i institusjon dei har krav på. Kommunen kan få økonomiske tap.	M	M	
Kvaliteten i sjukeheim er ikkje tilfredsstillande	Ikkje funne noko som indikerer at dei som er på sjukeheim ikkje får dei tenestene dei har krav på, men utfordringar med nok plassar med heildøgns omsorg.	Innbyggjarane får ikkje den pleie og omsorg i institusjon dei har krav på.	M	H	
Kvaliteten i heimetenesta er ikkje tilfredsstillande	Ikkje funne noko som indikerer at innbyggjarane ikkje får dei tenestene dei har krav på, men utfordringar med nok plassar med heildøgns omsorg.	Innbyggjarane får ikkje den pleie og omsorg i heimane dei har krav på.	M	H	
Kvaliteten i tilbodet til funksjonshemma er ikkje tilfredsstillande	Brukar mykje på ressurskrevjande tenester.	Funksjonshemma innbyggjarar får ikkje den pleie og omsorg og hjelpe dei har krav på.	L	H	
Det er for få kommunale bustader	Tilbakemelding om at dette er ei stor utfordring.	Dei som har behov for bustader kan få dårligare livskvalitet.	H	M	

## 4.7 PSYKISK HELSE OG RUS

Det blir arbeidd med dette fagfeltet på tvers av ei rekke einingar i kommunen. Til dømes deltek psykisk helseteam i fleire av sakene som kjem til barnevernet.

I 2018 hadde Fylkesmannen tilsyn med «kommunale tenester til personar med samtidig rusmiddelbruk og psykisk lidning i Giske kommune 2018». Det vart konkludert med 2 lovbroter:

- *Giske kommune har ikkje gjennom styring og leiing sikra at personar med ROP-lidinger får heilskaplege og koordinerte tenester*
- *Giske kommune har ikkje gjennom styring og leiing sikra tydeleg ansvarsfordeling og delegasjon til personar som fattar vedtak.*

Det er krav om at alle kommunar skal ha tilsett psykolog frå og med 2020.

KOSTRA-tal viser at årsverk psykiatriske sjukepleiarar pr 10.000 innbyggjarar (7) er høgare enn samanliknbare kommunar (4,4) og landet utanom Oslo (4,9)). Tala viser vidare at andel netto driftsutgifter til tilbod til personar med rusproblem av netto driftsutgifter til sosialtenester er litt høgare i Giske (13,6%) enn samanliknbare kommunar (10,4%) og landet utanom Oslo (13,9%). Tal på vedtak om midlertidige tiltak til rusmiddelmisbrukarar per 10.000 innbyggjarar er ein del høgare enn samanliknbare kommunar.

#### RISIKOVURDERING PSYKISK HELSE OG RUS

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Kvaliteten ved kommunale tenester innan psykisk helse og rus er ikkje tilfredsstillande	Kan vere utfordrande med arbeid på tvers av einingar. Aukande utfordringar. Har fått vidareutdanna ein god del personell.	Innbyggjarar med behov får ikkje den hjelpa dei har krav på.	M	H	

#### 4.8 NAV

Kommunane har ansvar for å sørge for gode og forsvarlege sosialtenester til alle som treng det, uavhengig av alder eller diagnose. Staten har ansvar for å sikre like rammevilkår gjennom regelverk og økonomiske rammer. Staten har også ansvar for å føre tilsyn og kontroll.

NAV skal bidra til å skape eit inkluderande samfunn, eit inkluderande arbeidsliv og ein godt fungerande arbeidsmarknad. Etaten skal ivareta behova til vanskelegstilte grupper og kjempe mot fattigdom, m.a. ved å stimulere til arbeid og deltaking. Etaten har også ansvar for å sikre inntekt ved arbeidsløyse, svangerskap og fødsel, aleineomsorg for barn, sjukdom og skade, uførhet, alderdom og dødsfall. (Kjelde: regjeringen.no)

KOSTRA-tal viser at tal på mottakarar av sosialhjelp i 2019 var om lag det same som i 2016 (men redusert frå 2018). Det har i desse åra vore ein nedgang i unge mottakarar av sosialhjelp og i mottakarar av sosialhjelp der sosialhjelp er den viktigaste kjelda til livsopphald.

Jf. årsmeldinga er det eit godt samarbeid med Frivilligsentralen som eit lavterskel tilbod. Det blir og opplyst om at det i 2019 var utfordringar knytt til sjukmeldingar på NAV Giske utan at ein har fått ekstra ressursar tildelt.

I samband med rekneskapsrevisjonen for 2018 vart det gjennomført ein rullerande kontroll av sosiale utbetalinga inklusive utbetalingar til flyktningar. Det vart konkludert med at rutinane vedkomande saksbehandling og utbetaling av sosial stønad var tilfredstillande.

## RISIKOVURDERING NAV

Risikofaktor	Sannsynlighet for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Kvaliteten ved NAV er ikkje tilfredsstillande	Tal på mottakarar av sosialhjelp ned i 2019. Utfordrande område.	Brukarane får ikkje den hjelpe dei treng. Samfunnet får ikkje nytta arbeidskrafta godt nok. Kommunen kan få auka utgifter.	M	M	

### 4.9 KULTUR

Giske brukar 2% av totale netto driftsutgifter til kultursektoren. Dette ligg under samanliknbare kommunar (3,5%) og landet utanom Oslo (4,1%). Bibliotekbesøk er ein del lågare i Giske kommune enn samanliknbare kommunar og landet utanom Oslo.

Jf. KOSTRA blir det brukt noko mindre til kulturskule i Giske kommune (2.393 pr. barn 6-15 år) enn samanliknbare kommunar (2.712) og landet utanom Oslo (2.682), men ein større del av barna går på kulturskule i Giske, og det er og mindre venteliste. Det betyr mellom anna også at utgifter pr. elev i Giske kommune ligg langt under samanliknbare kommunar.

Kulturtenesta vart drive i balanse i 2019.

Kommunen har utarbeidd og vedteke Kulturplan 2016-2026, og kultur var eitt av 4 satsingsområde i kommuneplanen.


## RISIKOVURDERING KULTUR

Risikofaktor	Sannsynlighet for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Kultur held ikkje økonomisk ramme	Balanse i 2019.	Kultur brukar meir enn planlagt. Kan gå ut over andre tenester og svekke kommunen sitt omdøme.	L	M	
Kvaliteten i kulturtenesta er ikkje tilfredsstillande	Ikkje funn som tyder på at innbyggjarane ikkje får dei tenestene dei har krav på.	Mindre kultur og fritidstilbod til innbyggjarane. Dårlegare tilrettelagt for språk og leselæring. Mindre attraktiv kommune å bu i	L	M	

### 4.10 TEKNISK

Teknisk eining i Giske kommune er organisert i fire avdelingar; *Teknisk drift*, *Teknisk forvaltning* og *Bygg og eigedom*, samt *Reinhold*. Desse avdelingane er leia av ein avdelingsleiar som igjen er leia av ein einingsleiar som har ein stab med nestleiar og to tilsette som arbeidar med økonomi og jus. Teknisk eining har framstilt organiseringa med følgjande organisasjonskart:

## TEKNISK EINING



Kjelde: *Teknisk einig*

Kommuneplanen sin arealdel 2018-2029 vart vedtatt i 2018. I følgje tala frå KOSTRA vart det vedteke 5 reguleringsplaner i 2019., medan det vart vedteke 0 og 1 for respektivt 2017 og 2018. Nivået i 2019 er eit vanleg nivå i høve til folketalet.

Når det gjeld byggesøknadar er det oppgitt til KOSTRA om lag 105 til 130 søknadar per år. Om lag 66 % til 75 % av desse, er søknadar med 3 vekers frist. Vi har satt opp ein tabell over nokre viktige indikatorar innan byggesak:

Nøkkeltall	Giske			Kostra gr. 10	Landet uten Oslo
	2017	2018	2019	2019	2019
Gjennomsnittlig saksbehandlingstid for byggesaker med 3 ukers frist (dager)	..	35	19	21	18
Gjennomsnittlig saksbehandlingstid for byggesaker med 12 ukers frist (dager)	..	74	84	40	37
Andel av innvilgte byggesøknader som skjer gjennom vedtak om dispensasjon fra plan (prosent)	..	35	58	21	17
Søknader om nye bygninger i strandsonen som ble innvilget (antall)	..	4	..	14	884
Andel av søknader om nye bygninger i LNF-/LNFR-områder som ble innvilget (prosent)	..	100	..	97	95

Gjennomsnittleg sakshandsamingstid for ordinære byggesaker med tre vekers frist har gått markant ned frå 2018 til 2019, og er nå innanfor lovkravet og på ein venleg nivå.

Av tabellen les vi også at 35 % og 58 % av byggesøknadane for respektivt 2018 og 2019 var dispensasjonssaker, og at dette er eit noko høgt nivå. Av talla frå KOSTRA går det også fram at kommunen innvilga 4 søknadar om bygging i strandsona i 2018 og dispensasjon knytt til landbruksareal blir innvilga i 2018.

Når det gjeld tilsyn retta mot byggeverksemder der det ikkje er søknadsplikt, er det ikkje oppgitt tall for 2017, 2018 og 2019. Det er vår erfaring at tilsynsarbeidet generelt, har vore noko nedprioritert hos kommunane som følgje av knappe ressursar, men at temaet har ein tilbakevendande aktualitet.

Kommunen har dent seinare tid arbeidd med å strukturere flyten i sakshandsaminga vedkomande byggesaker i form av nye system og rutinar. Det kan vere aktuelt med ei evaluering av praksisen knytt til desse systema og ruinane etter ei tid.

Av årsrapport for 2019 går det fram at:

*Giske kommune har i fleire år hatt ein samarbeidsavtale med Ålesund brannvesen (ÅBV). ÅBV har levert brannsjef og feiretjenester til Giske. I løpet av 2019 blei det forhandla fram ein ny avtale med ÅBV der ÅBV tek over alle branntenester i Giske. Deltidsmannskap er overført til Ålesund kommune, men dei vil fortsatt vere stasjonert i Giske, og ein ser at brannberedskapen gjennom denne avtalen vert styrka.*

Veg er skilt ut som eit eige ansvarsområde som dekkjer drift av veganlegg, gatelys, gravferdsteneste, parkar og plassar. Det er lite informasjon om desse tenestene i årsrapporten for 2019 og budsjettet for 2020. I sistnemte dokument går det fram eim målsetting om: *Tryggare vegar for barn og eldre.* Og at ein ønskjer å: *Prioritere vedlikehald av gatelys og brøyting rundt skular og eldrebustader.*

Av årsrapport for 2019 går det fram at:

*Bygg- og eigedomsavdelinga har ansvar for drift og vedlikehald av alle kommunale eigedomar. Avdelinga er prega av lite budsjett til vedlikehald og stort etterslep når det gjeld vedlikehald. Slik budsjettituasjonen er bygg Giske kommune opp eit stort etterslep på vedlikehald. Vi ser at dette gir utslag i mellom anna i fleire taklekkasjar, vindu som er punktert og råtne*

Kommunestyret vedtok gebyra innan vatn, avløp og renovasjon for 2020 den 28.11.19, saman med mange andre gebyr i sak 118/19. Saksutgreiinga står fram som kort. Ein vedtok reduksjon innan vatn med 10,0 % og ei auke på 18 % innan avløp. Vi har satt opp ein tabell over gebyra henta frå KOSTRA:

Nøkkeltall	Giske			Kostra gr. 10	Landet uten Oslo
	2017	2018	2019	2019	2019
Årsgebyr for vannforsyning - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret+1) (kr)	2 375	1 788	1 788	3 521	3 739
Årsgebyr for avløpstjenesten - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret+1) (kr)	1 790	1 790	1 320	4 354	4 142
Årsgebyr for avfallstjenesten - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret+1) (kr)	2 900	2 900	2 900	2 653	2 851
Andel fornyet kommunalt ledningsnett, gjennomsnitt for siste tre år (prosent)	1,10	1,13	0,42	..	0,67
Andel fornyet kommunalt spillvannsnnett, gjennomsnitt for siste tre år (prosent)	0,18	1,32	1,32	..	0,57

Av tabellen les ein at 0,42 % av leidningane innan vatn vart fornya i 2019. Dette inneber ein utskiftstakt der ein i gjennomsnitt fornyar leidningane etter 238 år, medan 1,32 % for avløp inneber ei utskiftingstakt på 76 år. Ei nasjonal utskiftingstakt på 0,67 % inneber tilsvarande at ein nasjonalt fornyar leidningane etter 149 år. Ein kan her nemne at ei i kommunerekneskapen har ei avskriving på leidningane på 40 år. Det er viktig å ha ei god utskiftingstakta slik ein ikkje skyv på desse forpliktinga til framtidige generasjonar.

Det blir i årsmeldinga opplyst om at ein kjem godt ut i kommunebarometeret når det gjeld vatn og avløp.

Kommunen har det seinare tid arbeidd med å strukturere flyten i investeringsprosjekt innan vatn og avløp. Dette er prosjekt som ofte er ratta mot leidningsnettet. Vi viser er til ein nyleg gjennomført forvaltningsrevisjon om dette. I dette prosjektet gjorde vi den erfaring at det var eit viss omfang av grunnkjøpsprosessar i Giske kommune. Dette er eit område som det kan vere noko risiko med.

Etter korrigeringar i rekneskapsskjema var meirforbruket innan teknisk 2,8 mill. kroner i 2019.

## RISIKOVURDERING TEKNISK

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Teknisk held ikkje økonomisk ramme	Meirforbruk i 2019. Ser ut til å ha knappe driftsrammer.	Teknisk brukar meir enn planlagt. Kan gå ut over andre tenester og svekke kommunen sitt omdøme.	M	M	
Byggesaks-handsaminga er ikkje tilfredsstillande	Blir vurdert som middels sannsynlegheit. Har nye system og rutinar på plass.	Privatpersonar, næringsliv og off. myndigheter blir forseinka med utbyggingsprosjekt	M	M	
Kommunale bygg blir ikkje vedlikehaldne i tilstrekkeleg grad	Blir vurdert som sannsynleg jf. årsmelding mv.	Arbeidsmiljøet for tilsette, elevar, og bebuarar blir for dårlig. Kan gi store utgifter til totalrenovering eller nybygg.	H	M	
Kvalitet i veg og trafikktenestene er ikkje tilfredsstillande	Blir vurdert som middels sannsynleg. Kommunen brukar lite pr. km communal veg sett i høve til samanliknbare kommuner.	Liv og verdiar kan gå tapt. Kan gi svekka omdøme.	M	M	
Kvaliteten i brannberedskap er ikkje tilfredsstillande	Styrka teneste.	Liv og verdiar kan gå tapt	L	H	
Kvaliteten i vannforsyning og avløp er ikkje tilfredsstillande	Ligg føre ein del andre kommunar når det gjeld utskifting.	Innbyggjarane kan få for lav kvalitet på vatn og avløp eller leveransa kan bli broten. Dårlig kvalitet på vatn kan føre til sjukdom	L	H	
Sjølvkostberekingane innan VA er feil	Komplisert regelverk. Nyttar Envidan Momentum.	Innbyggjarane betaler feil pris på Vatn og Avløp. Kan gi svekka omdøme.	M	M	
Kvaliteten i renovasjonsordninga er ikkje tilfredsstillande	ÅRIM, mykje merksemd, endring i sortering.	Avfall blir ikkje samla inn og/eller handsama på ein forsvarleg måte.	L	M	
Sjølvkostberekingane innan renovasjon er feil	Komplekst regelverk og avtaler mellom Årim og kommunen.	Innbyggjarane betaler feil pris for renovasjon. Kan gi svekka omdøme.	M	M	

## 4.11 MILJØ

Tal frå KOSTRA på klima og energi tyder på eit lågare energiforbruk i Giske kommune pr kvadratmeter enn samanliknbare kommunar og landet utanom Oslo. Kommunen bruker og mindre på dette av driftsbudsjettet enn dei andre gruppene.

Giske har klima- og energiplan frå 2010. Arbeid med rullering av denne planen er sett i gang.

I planstrategi 2017-2020 var det brei omtale av problemstillingar knytt til lima og miljø.

I dei nasjonale forventningane til kommunal planlegging er signala<sup>7</sup>:

- Berekraftsmåla skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i vår tids største utfordringar
- Fylkeskommunar og kommunar er nøkkelaktørar for å realisere FNs berekraftmål i Noreg
- Berekraftsmåla må bli ein del av samfunns- og arealplanlegginga, og dermed fylkeskommunane og kommunane si verksemd

Satsinga «Berekraftfylket Møre og Romsdal» omfattar alle kommunane i fylket. Alle kommunane i fylket skal kartleggast med 92 indikatorar knytt til dei 17 berekraftsmåla til FN.

## RISIKOVURDERING MILJØ

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Kommunen tek ikkje ansvar som miljømyndighet	Kommunen har miljø og klimaplan frå 2010. Arbeid med rullering er sett i gang. Er med på satsing om berekraftylike.	Materiell skade for innbyggjarane og kommunen, eventuelt også tap av liv.	M	M	
Kommunen si klimatilpassing er ikkje tilfredsstillande	Blir omtalt i planstrategi.	Materiell skade for innbyggjarane og kommunen, eventuelt også tap av liv.	M	M	
Kommunen er ikkje førebudd på endring i folketal	Blir omtala i mange dokument. Seinast i budsjettdokumentet.	Feil prioritering av kommunen sine ressursar. Stagnasjon i befolningsvekst. Stagnasjon i skatteinngang.	L	M	
Høgt energibruk i kommunal virksomhet	Kostra tyder på at ein har lågare energibruk enn andre. Etterslep på vedlikehald kan medføre høgare forbruk enn naudsynt.	Økonomisk tap. Ytterlegare endringar i klima.	L	M	

<sup>7</sup> <https://mrfylke.no/om-oss/prosjekta-vaare/utviklingsprosjekt/berekraftfylket-moere-og-romsdal>

## 5 VEDLEGG

### STATISTIKK OG NØKKELTAL

#### BEFOLKNING, BEFOLKNINGSENDRING OG BEFOLKNINGSUTVIKLING

Nøkkeltall	Enhet	Giske				Kostra-gruppe 10	Landet uten Oslo
		2016	2017	2018	2019	2019	2019
Innbyggere (antall)	antall	8 176	8 292	8 398	8 461	213 206	4 674 089
Fødte per 1000 innbyggere (per 1000)	per 1000	13,8	14,4	12,9	11,7	10,1	9,7
Døde per 1000 innbyggere (per 1000)	per 1000	6,4	5,5	5	5,8	7,6	7,9
Netto innflytting (antall)1	antall	23	42	40	13	435	18435
Andel skilte og separerte 16-66 år (prosent)	prosent	8,4	8,4	8,5	8,5	10,6	10,6
Andel enslige innbyggere 80 år og over (prosent)	prosent	60,3	59,3	58,6	57,4	60,1	61,5
Registrerte arbeidsledige i prosent av befolkningen i alderen 15-74 år (prosent)	prosent	1,8	1,5	0,9	1,1	1,4	1,4
Andel innvandrerbefolkning (prosent)	prosent	11,2	12	12,2	12,5	19,3	15,9
Samlet fruktbarhetstall (antall)	antall	1,77	1,74	1,7	1,64	..	..

#### Befolkningsutvikling 2000-2019, årleg utvikling

Tabell 1. Befolkningsutvikling for valgt region. 1. januar 2000 til 1. januar 2019.

Region/Kommune	År	Antall innbyggere	Endring fra forrige år		%-Andel av befolkningen i:	
			Antall	Prosent	Landet	Eget fylke
Giske	2000	6 344			0,142	2,61
Giske	2001	6 395	51	0,80	0,142	2,62
Giske	2002	6 439	44	0,69	0,142	2,64
Giske	2003	6 495	56	0,87	0,143	2,66
Giske	2004	6 578	83	1,28	0,144	2,69
Giske	2005	6 591	13	0,20	0,143	2,69
Giske	2006	6 630	39	0,59	0,143	2,71
Giske	2007	6 647	17	0,26	0,142	2,71
Giske	2008	6 777	130	1,96	0,143	2,75
Giske	2009	6 873	96	1,42	0,143	2,76
Giske	2010	7 029	156	2,27	0,145	2,80
Giske	2011	7 149	120	1,71	0,145	2,82
Giske	2012	7 312	163	2,28	0,147	2,85
Giske	2013	7 541	229	3,13	0,149	2,91
Giske	2014	7 739	198	2,63	0,151	2,96
Giske	2015	7 924	185	2,39	0,153	3,00
Giske	2016	8 094	170	2,15	0,155	3,05
Giske	2017	8 176	82	1,01	0,155	3,07
Giske	2018	8 292	116	1,42	0,157	3,11
Giske	2019	8 398	106	1,28	0,158	3,16

Kilde: Statistisk sentralbyrå - SSB <><> Bearbeiding: KommuneProfilen  
Kjelde: [www.kommuneprofilen.no](http://www.kommuneprofilen.no)

## Befolkningsutvikling med ulike framskrivningsalternativ 2000-2040

**Tabell 1.1. Befolkningsutvikling 2000-2040. Alternative framskrivninger. Valgt region**

Region/Kommune	År	Alternative framskrivninger 2018-2040		
		Normal alternativet	Ingen netto innvandring	Høy netto innvandring
Giske	2000	6 344	6 344	6 344
Giske	2005	6 591	6 591	6 591
Giske	2010	7 029	7 029	7 029
Giske	2015	7 924	7 924	7 924
Giske	2018	8 292	8 292	8 292
Giske	2020	8 466	8 405	8 485
Giske	2025	8 988	8 747	9 068
Giske	2030	9 545	9 077	9 726
Giske	2035	10 167	9 424	10 480
Giske	2040	10 805	9 767	11 315

Kilde: Statistisk sentralbyrå &lt;-&gt; Bearbeidning: Kommuneprofilen

Kjelde: [www.kommuneprofilen.no](http://www.kommuneprofilen.no)

## SSB - KOSTRA

## BARNEHAGE

Nøkkeltall	Enhet	Giske				Kostra-gruppe 10	Landet uten Oslo
		2016	2017	2018	2019	2019	2019
Andel barn 1-2 år i barnehage, i forhold til innbyggere 1-2 år (prosent)	prosent	83,7	80,5	80,9	82	81,3	84,6
Andel barn 1-5 år i barnehage, i forhold til innbyggere 1-5 år (prosent)	prosent	92,7	91,2	91,8	91,4	90,8	92,4
Andel barn 3-5 år i barnehage, i forhold til innbyggere 3-5 år (prosent)	prosent	99,1	98,4	98,9	97,4	96,6	97,3
Andel barn i kommunale barnehager i forhold til alle barn i barnehage (prosent)	prosent	22,9	21,7	22,2	21,6	55,7	49,1
Antall barn korrigert per årsverk til grunnbemanning, alle barnehager (antall)	antall	6,4	6,5	6,2	5,9	5,8	5,7
Andel barnehagelærere i forhold til grunnbemanning (prosent)	prosent	32,6	34	31,1	33,4	41,3	41,5
Andel barn i kommunale barnehager som får spesialpedagogisk hjelp (prosent)1	prosent	6,4	4,8	3,1	6,3	3,4	3,9
Korrigerte brutto driftsutgifter til barnehager (f201, f211, f221) per korrigerte oppholdstimer i kommunale barnehager (kr)	kr	74,5	76,3	80	80,8	76	78,8
Andel minoritetsspråklige barn i barnehage i forhold til innvandrerbarn 1-5 år (prosent)	prosent	82	87,5	86,7	82	80,8	83
Netto driftsutgifter barnehager i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter (prosent)	prosent	19,1	19,3	19,8	19	14,8	14,3
Netto driftsutgifter barnehager, per innbygger 1-5 år (kr)	kr	140 516	139 292	149 280	152 011	157 055	163 207
Korrigerte brutto driftsutgifter f201 per korrigerte oppholdstimer i kommunale barnehager (kr)	kr	52,7	53,1	56	56,6	61,6	62,7

## GRUNNSKULE

Nøkkeltall	Enhet	Giske				Kostra-gruppe 10	Landet uten Oslo
		2016	2017	2018	2019	2019	2019
Årstimer til særskilt norskopplæring per elev med særskilt norskopplæring (antall)	antall	46,1	40,9	51,7	62,8	50,1	36,3
Årstimer til spesialundervisning per elev med spesialundervisning (antall)	antall	106,5	109	105,5	117,2	146,8	139,9
Elever i kommunale og private grunnskoler som får særskilt norskopplæring (prosent)	prosent	2,8	2,6	2,6	1,7	3,3	4,9
Elever i kommunale og private grunnskoler som får spesialundervisning (prosent)	prosent	9,4	11,1	12,4	12	7,7	7,8
Elever på mestringsnivå 3-5, nasjonale prøver i lesing 8.trinn (prosent)	prosent	73,2	74	75,8	74,3	73,6	75
Elever på mestringsnivå 3-5, nasjonale prøver i regning 8.trinn (prosent)	prosent	64,3	59,8	68	67,3	68,7	68,7
Gruppestørrelse 2 (antall)	antall	17	16,9	17	16,7	15,8	15,8
Gjennomsnittlig grunnskolepoeng (antall)	antall	40,9	42	42,7	42,3	41,4	41,7
Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), i prosent av samlede netto driftsutgifter (prosent)	prosent	29,4	28,4	28,7	28,6	24,6	23
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger 6-15 år (kr)	kr	106 339	106 126	111 737	120 518	117 514	117 308

## HELSE (OG OMSORG)

Nøkkeltall	Enhet	Giske				Kostra-gruppe 10 2019	Landet uten Oslo 2019
		2016	2017	2018	2019		
Utgifter kommunale helse- og omsorgstjenester per innbygger (kr)	kr	19 998	21 115	22 477	24 734	28 535	28 772
Årsverk helse og omsorg per 10 000 innbygger	årsverk	259,8	278,7	267,6	264,5	306,7	313,7
Netto driftsutgifter til omsorgstjenester i prosent av kommunens samlede netto driftsutgifter	prosent	26,2	27,2	27,3	27,9	32,4	32,4
Andel brukerrettede årsverk i omsorgstjenesten m/ helseutdanning (prosent)	prosent	83,8	82	82	83,9	79,3	77,7
Årsverk per bruker av omsorgstjenester (årsverk)	årsverk	0,72	0,59	0,57	0,59	0,55	0,58
Andel innbyggere 80 år og over som bruker hjemmetjenester (prosent)	prosent	37,2	40,7	42,6	38,3	31,4	30,3
Andel brukere av hjemmetjenester 0-66 år	prosent	36,4	45,9	42,4	43,6	50,2	47,9
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på sykehjem (prosent)	prosent	2,5	1,9	1,5	1,7	10	11,9
Andel brukertilpassede enerom m/ eget bad/wc	prosent	100	100	100	100	89,5	91
Utgifter per oppholdsdygn i institusjon (kr)	kr	2806	3026	3399	3574	4024	3842
Andel private institusjonsplasser (prosent)	prosent	0	0	0	0	4,5	5,5
Legetimer per uke per beboer i sykehjem (timer)	timer	0,94	1,88	1,25	0,47	0,52	0,56
Andel innbyggere 67-79 år med	prosent	0	0	0,98	1,9	0,82	0,69
Netto driftsutgifter til kommunehelsetjenesten i prosent av kommunens samlede netto	prosent	4,6	4,5	4,6	5,5	4,7	5
Avtalte legeårsverk per 10 000 innbyggere	årsverk	11	10,9	10,7	10,8	10,8	11,5
Avtalte fysioterapeutårsverk per 10 000	årsverk	5,9	6,5	6,2	6,1	9,1	9,7
Avtalte årsverk i helsestasjons- og skolehelsetjenesten per 10 000 innbyggere 0-20	årsverk	35,5	38,8	43,2	48,2	49	44,1
Andel nyfødte med hjemmebesøk innen to uker etter hjemkomst (prosent)	prosent	69,9	73,9	72,2	92,9	93,2	93,4

## BARNEVERN

Nøkkeltall	Enhet	Giske				Kostra-gruppe 10 2019	Landet uten Oslo 2019
		2016	2017	2018	2019		
Netto driftsutgifter til barnevernstenesta per innbygger 0-22 år (kr)	kr	4 611	5 035	5 205	4 649	8 539	8 393
Barn med melding ift. innbyggjarar 0-17 år (prosent)	prosent	3,3	4,5	2,4	3,9	4,7	4,6
Prosentdelen barn med undersøking ift. innbyggjarar 0-17 år (prosent)	prosent	3,6	4,7	3,2	4,4	4,9	4,8
Barn med barnevernstiltak ift. innbyggjarar 0-22 år (prosent)	prosent	4,7	4,4	4,4	4,7	4,8	3,8
Brutto driftsutgifter (funksjon 244) per barn med undersøking eller tiltak (kr)	kr	35 834	37 438	44 924	46 353	50 422	54 769
Brutto driftsutgifter per barn som ikke er plassert av barnevernet (funksjon 251) (kr)	kr	15 174	13 500	16 938	18 170	33 830	41 690
Brutto driftsutgifter per barn som er plassert av barnevernet (funksjon 252) (kr)	kr	220 935	272 759	338 609	291 368	398 336	444 076
Barn med undersøking eller tiltak per årsverk (funksjon 244) (antall)	antall	31,8	22	24,2	26,1	21,5	18,6
Undersøkingar med handsamingstid innan 3 månader (prosent)	prosent	54	78	86	80	86	88

## PSYKISK HELSE OG RUS

Nøkeltall	Enhet	Giske 2019	Kostra- gruppe 10 2019	Landet uten Oslo 2019
Brutto driftsutg. til tilbud til personer med rusproblemer pr. innb. 18-66 år (kr)	kr	255,8	391,5	635
Netto driftsutg. til tilbud til personer med rusproblemer pr. innb. 18-66 år (kr)	kr	255,8	298,4	542,3
Andel netto driftsutgifter til tilbud til personer med rusproblemer (prosent)	prosent	13,6	10,4	13,9
Årsverk av psykiatriske sykepleiere per 10 000 innbyggere (helse- og omsorg) (antall)	antall	7	4,4	4,9
Årsverk av personer med videreutdanning i psykisk helsearbeid per 10 000 innbyggere (helse og sosial) (antall)	antall	12,1	8,6	9
Årsverk av personer med videreutdanning i rusarbeid per 10 000 innbyggere (helse og sosial) (antall)	antall	1,2	2,7	3,2
Andel nyinnflyttede med psykiske problemer (prosent)	prosent	14	12	9
Andel nyinnflyttede rusmiddelmisbrukere (prosent)	prosent	:	:	7
Andel nyinnflyttede rusmiddelmisbrukere med psykiske lidelser (prosent)	prosent	:	8	7
Antall vedtak om kjøp av tiltak til rusmiddelmisbrukere av aktører utenfor komm per 10 000 innbyggere 18-66 år (antall)	antall	0	0,2	1,6
Antall vedtak om kjøp av tiltak til rusmiddelmisbrukere av aktører utenfor komm per 10 000 innbyggere (antall)	antall	0	0,1	1
Antall vedtak om midlertidige tiltak til rusmiddelmisbrukere per 10 000 innbyggere 18-66 år (antall)	antall	19,5	2,7	2
Antall vedtak om midlertidige tiltak til rusmiddelmisbrukere per 10 000 innbyggere (antall)	antall	11,8	1,6	1,3

## NAV (SOSIALTENESTE)

Nøkeltall	Enhet	Giske			
		2016	2017	2018	2019
Sosialhjelpsmottakere (antall)	antall	110	119	124	109
Antall sosialhjelpsmottakere 18-24 år (antall)	antall	31	24	31	20
Sosialhjelpsmottakere med sosialhjelp i 6 måneder eller mer (antall)	antall	14	28	35	34
Sosialhjelpsmottakere med arbeidsinntekt som hovedinntekt (antall)	antall	18	17	22	17
Sosialhjelpsmottakere med sosialhjelp som viktigste kilde til livsopphold (antall)	antall	58	39	41	35
Sosialhjelpsmottakere som bor i eid bolig (antall)	antall	14	14	13	13
Antall barn i familier som mottok sosialhjelp (antall)	antall	48	61	60	61

**KULTUR (KULTUR/ BARNE- OG UNGDOMSTILTAK)**

Nøkkeltall	Enhet	Giske				Kostra-gruppe 10 2019	Landet uten Oslo 2019
		2016	2017	2018	2019		
Netto driftsutgifter til kultursektoren i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter (prosent)	prosent	2,3	2	2	2	3,5	4,1
Netto driftsutgifter til idrett (f380+f381) i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter (prosent)	prosent	0,8	0,6	0,5	0,5	1,2	1,4
Netto driftsutgifter til barn og unge (f231+f383) i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter (prosent)	prosent	0,6	0,5	0,7	0,6	0,8	0,8
Netto driftsutgifter til allmenn kultur (f370+f373+f375+f377+f385+f386) (1000 kr)	1000 kr	3 638	3 890	3 853	4 854	206 065	5 506 838
Netto driftsutgifter til kultursektoren per innbygger (kr)	kr	1 193	1 060	1 090	1 209	2 173	2 549
Brutto investeringsutgifter til kultursektoren per innbygger (kr)	kr	2 403	68	-68	82	881	1 270
Besøk i folkebibliotek per innbygger (antall)	antall	1,2	1,7	1,8	1,8	3,8	4,9
Besøk per kinoforestilling (antall)	antall	..	..	..	..	25,3	25,5
Barn 6-15 år i kommunens kulturskole (prosent)	prosent	14,9	11,5	27,9	27,7	15,8	13,8
Omløphastighet for bøker (antall)	antall	0,3	0,4	0,4	0,5	0,8	0,8
Brutto driftsutgifter til folkebibliotek (1000 kr)	1000 kr	1 520	1 670	1 728	1 834	71 366	1 565 876

**TEKNISKE TENESTER (PLAN, BYGGESAK OG MILJØ)**

Nøkkeltall	Enhet	Giske				Kostra-gruppe 10 2019	Landet uten Oslo 2019
		2016	2017	2018	2019		
Reguleringsplaner vedtatt i alt (antall)	antall	10	0	1	5	82	1 392
Andel av reguleringsplanene som ble møtt med innsigelser (prosent)	prosent	27..		33	33	32	26
Byggesøknader i alt behandlet (antall)	antall	92..		105	129	3 288	71 711
Behandlede byggesøknader med 3 ukers frist (antall)	antall	48..		69	97	1 556	29 786
Gjennomsnittlig saksbehandlingstid for byggesaker med 3 ukers frist (dager)	dager	17..		35	19	21	18
Gjennomsnittlig saksbehandlingstid for byggesaker med 12 ukers frist (dager)	dager	38..		74	84	40	37
Andel av innvilgte byggesøknader som skjer gjennom vedtak om dispensasjon fra plan (prosent)	prosent	23..		35	58	21	17
Tilsyn for byggevirksomhet som er unntatt søknadsplikt (antall)	antall	..	..	..	..	15	1 193
Søknader om nye bygninger i strandsonen som ble innvilget (antall)	antall	1..		4..		14	884
Andel av søknader om nye bygninger i LNF-/LNFR-områder som ble innvilget (prosent)	prosent	100..		100..		97	95
Andel av søknader om tiltak i freda eller verneverdige områder / bygninger som ble invitert (prosent)	prosent	..	..	50	50	50	46
Selvkostgrad i byggesaker (prosent)	prosent	..	93..	..	..	71	83
Netto endring i antall boliger (antall)	antall	39..	..	..	..	..	..

## KLIMA OG ENERGI

Nøkkeltall	Enhet	Giske				Kostra-gruppe 10	Landet uten Oslo
		2016	2017	2018	2019		
Energiutgifter per m2 (fylkes)kommunalt eide bygg (kr)	kr	59	62	64	67	112	134
Energiutgifter som andel av brutto driftsutgifter (prosent)	prosent	0,51	0,44	0,43	0,43	0,65	0,71
Andel av energikostnader i (fylkes)kommunens eiendomsforvaltning brukt på fornybare energikilder (prosent)	prosent	100	100	100	100	96,3	96,2
Energibruk per m2 eid areal (kWh)	kWh	89	85	85	67	140	154
Andel elektrisitetsforbruk av totalt forbruk i (fylkes)kommunens eiendomsforvaltning, egne bygg (prosent)	prosent	100	100	100	100	85	83
Andel fjernvarmeforbruk av totalt forbruk i (fylkes)kommunens eiendomsforvaltning, egne bygg (prosent)	prosent	0	0	0	0	10	13
Andel oljeforbruk av totalt forbruk i (fylkes)kommunens eiendomsforvaltning, egne bygg (prosent)	prosent	0	0	0	0	1	1
Andel naturgassforbruk av totalt forbruk i (fylkes)kommunens eiendomsforvaltning, egne bygg (prosent)	prosent	0	0	0	0	1	1
Andel bioenergiforbruk av totalt forbruk i (fylkes)kommunens eiendomsforvaltning, egne bygg (prosent)	prosent	0	0	0	0	3	2
Andel fornybarforbruk av totalt forbruk i (fylkes)kommunens eiendomsforvaltning, egne bygg (prosent)	prosent	100	100	100	100	97	96
Utslipp av CO2 knyttet til energibruk (g/kWh)	g/kWh	0	0	0	0	3	4

## KJELDER

Det er mellom anna sett på følgande dokument som grunnlag for ROV:

- Kommuneplanen
  - Samfunnssdelen 2014-2026, [vedteken 25.09.2014](#)
  - Arealdel 2019-2030, [vedteken 14.06.2018](#)
- Planstrategi 2017-2020, [vedteken 06.11.2017](#)
- Heilskapleg Risiko- og sårbarheitsanalyse for Giske kommune 2019-20 – revisjon, [handsama 25.09.2019](#)
- Overordna beredskapsplan 2019-20, [vedteken 12.12.2019](#)
- Delegeringsreglement [vedteke 12.12.2019](#)
- Møteregelement for kommunestyret, formannskapet, komiteane mv., [vedtekne 25.09.2019](#)
- Etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette, [vedtekne 15.02.2011](#)
- Finansreglement, [vedteke 14.12.2017](#)
- Økonomireglement, [uviss vedtaksdato.](#)
- ROS-analyse Brann, [vedteken 28.09.2017](#)
- Tema- og sektorplaner
  - Bustadsosial handlingsplan 2017-2021, [vedteken 14.12.2017](#)
  - Helse- og omsorgsplan 2016-2020, [vedteken 17.11.2016](#)
  - Strategisk kompetanse- og rekrutteringsplan for helse- og omsorgstenestene i Giske kommune 2019-2023, [vedteken 13.12.2018](#)
  - Kvalitetsplan for oppvekst i Giske kommune 2018-2021, [vedteken 22.03.2018](#)
  - Sluttrapport prosjekt Psykisk helseteam barn og unge, [handsama 13.12.2018](#)
  - Kommunedelplan for naturmangfold, [vedteken 14.06.2018](#)
  - Alkoholpoliske retningslinjer for Giske kommune 2015-2019, [vedtekne 24.09.2015](#)
  - Kulturplan 2016-2026, [vedteken 04.02.2016](#)
  - Strategisk næringsplan 2016-2025, [vedteken 12.05.2016](#)
- Lønspolitisk plan 2016-2018, [vedteken 17.12.2015](#)
- Arkivplan/rutinar sakshandsaming
- Budsjett og økonomiplan 2019 (2019 til 2022)
- Budsjett og økonomiplan 2020 (2020 til 2023)
- Årsrapport 2018 og 2019
- Tertiarrapporter 2019
- Tilsynsrapporter fra statlige tilsynsmyndigheter
- KOFA avgjersler

Eit utval av statistikk er m.a. henta frå følgjande kjelder:

- Statistikk frå årsmelding
- Statistikk frå SSB, KOSTRA
- Statistikk frå GSI (Grunnskolens Informasjonssystem)
- Anna aktuell statistikk